

Møteinnkalling

Utval:	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Møtestad:	Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato:	17.12.2018
Tid:	09:00

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på e-post
politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no

Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Det vert servert lunsj etter møtet, rundt kl. 12.00.

Orienteringar i møtet:

- om prosjektstatus Nye Øygarden kommune v/ prosjektrådmann Rune Lid
- om arbeid med budsjett og tenesteytingsavtale for kyrkjeleg fellesnemnd v/ leiar for kyrkjeleg fellesnemnd, Harald Rød, og prosjektleiar Olav Martin Vik
- om arbeidsavtale med prosjektrådmannen v/ leiar for fellesnemnda, Børge Haugetun

Straume, den 12.desember 2018.

Børge Haugetun (s)
Leiar

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 67/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 68/18	Referatsaker og orienteringar
RS 12/18	Partssamansett utval - referat 11.12.2018
PS 69/18	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
PS 70/18	Oppfølging av inndelingslova knytt til kontrollutval og val av revisorteneste i Nye Øygarden kommune
PS 71/18	Oppfølging av inndelingslova knytt til sekretariatsordning for kontrollutvalet i Nye Øygarden kommune
PS 72/18	OTD-messe i Sotra Arena 17.-18.oktober 2018 - finansiering
PS 73/18	Val av pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune
PS 74/18	Nye Øygarden kommune - Kostnadsramme for innkjøp av nytt ordførarkjede
PS 75/18	Elev i Nye Øygarden kommune
PS 76/18	Oppfølging av arbeidsgjevaransvar for prosjektrådmannen i Nye Øygarden kommune



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 022.3
Saksmappe: 2018/34-32280/2018
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 10.12.2018

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
67/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	17.12.2018

Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utsel	Møtedato
68/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	17.12.2018

Referatsaker og orienteringar

- Orientering om prosjektstatus Nye Øygarden kommune v/ prosjektrådmann Rune Lid
- Orientering om arbeid med budsjett og tenesteytingsavtale for kyrkjeleg fellesnemnd v/ leiar for kyrkjeleg fellesnemnd, Harald Rød, og prosjektleiar Olav Martin Vik
- Orientering om arbeidsavtale med prosjektrådmannen v/ leiar for fellesnemnda, Børge Haugetun

Referatsaker

- RS 12/18 Partssamansett utval – referat 11.12.2018



Møteprotokoll

Utval:	Partssamansett utval Nye Øygarden kommune
Stad:	Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato:	11.12.2018
Tid:	09:00 – 10:15

Medlemer som møtte:

Børge Haugetun	Leiar	TVØ
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleiar	AP
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig
Espen Harkstad	Medlem	AP
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Nina Zandstra	Medlem	Utdanningsforbundet
Bodil Aleksandersen	Medlem	Fagforbundet
Cathrine Olsen	Medlem	Utdanningsforbundet
Hildegunn Høyland	Medlem	Fagforbundet
Solveig D Rong	Medlem	Fagforbundet

Forfall:

Anita Garlid Johannessen	MEDL	FRP
Vibecke Hodnekvam	MEDL	

Varamedlemer som møtte:

Svein Petter Bergh	for Anita Garlid Johannessen	SL
Anne Grethe Andersen	for Vibecke Hodnekvam	Utdanningsforbundet

Andre:

Prosjektrådmann Rune Lid, informasjonsleiar Vigleik Brekke, møtesekretær Unni Rygg.

Leiar Børge Haugetun
underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 17/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 18/18	Referatsaker og orienteringar
PS 19/18	Val av pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune
PS 20/18	Sak om rekruttering i omstillingsperiode - Nye Øygarden kommune

PS 17/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:

Saksliste og protokoll frå førre møte (02.10.2018) vart godkjente utan merknader.

Innkallinga vart godkjent med følgjande merknad om sak 19/18 Val av pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune;

Tom Georg Indrevik viste til e-post som partssamansett utval fekk tilsendt kvelden før møtet, frå aktør i sak 19/18. E-posten inneheldt saksopplysningar og Indrevik ber om kommentar frå prosjektrådmann om korleis utvalet skal stille seg til informasjonen. Prosjektrådmann Rune Lid viste til at e-posten bør skjermast frå vidare diskusjon når saka skal behandlast i dag.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

PS 18/18 Referatsaker og orienteringar

Det er ingen referatsaker eller orienteringar til møtet.

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:

Det var ingen skriv, meldingar eller orienteringar til møtet.

PS 19/18 Val av pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune

Innstilling:

1. Ut frå ei totalvurdering tilrår prosjektrådmannen alternativ 1) ei forsikra løyising i KLP.
2. Prosjektrådmannen kjem attende med konkrete framlegg til vedtak i dei respektive kommunestyra og orientering om vidare prosessar etter at fellesnemnda har gjort endeleg vedtak i saka.

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:

Tom Georg Indrevik tok opp igjen tema under sak 17/18; e-post som vart sendt til utvalet kvelden før møtet, frå aktør i saka, og bad om ytterlegare avklaring frå prosjektrådmann Rune Lid. Lid informerte om saksgangen med høyringsfristar, prosessen med nedsett arbeidsgruppe og involvering frå tillitsvalde på vegne av dei tilsette, og informasjon som kjem fram i rapportar vedlagt saka. Lid bad såleis om at e-posten ikkje vert teken omsyn til i denne drøftinga av saka for å sikre rettviss behandling av alle aktørar.

I diskusjonen som følgde var det fleire hovudtillitsvalde som trakk fram ein særskild grundig og vellykka prosess som har sikra brei deltaking i arbeidet med saka. Hovudtillitsvald Hildegunn Høyland bad om å få med følgjande merknad til saksopplysningar under avsnittet «Prosess» - *«Som ein del av prosjektgruppa var også hovudtillitsvald Hildegunn Høyland, hovudtillitsvald Rikard Kvaal og hovudverneombod Trude Erstad Villanger»*. Det vart samstundes avklart at alle i partssamansett utval er gilde til å behandle saka då dei tillitsvalde ikkje har vore involvert i å førebu saksframlegget.

Det vart samstundes stilt spørsmål til prosjektrådmannen om innstillinga, og prosjektrådmann viste til at føringar frå dei tillitsvalde, brukarperspektivet, har vore særskilt vesentleg for tilrådinga i saka grunna jamne pensjonsleverandørar.

Leiar av partssamansett utval, Børge Haugetun, viste til at diskusjonen i utvalet er med og gir grunnlag for vurderingar og vedtak i saka i fellesnemnda.

Partssamansett utval gjekk samla inn for at prosjektrådmannen si innstilling føl saka vidare til fellesnemnda.

Tilråding i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:

1. Ut frå ei totalvurdering tilrår prosjektrådmannen alternativ 1) ei forsikra løysing i KLP.
2. Prosjektrådmannen kjem attende med konkrete framlegg til vedtak i dei respektive kommunestyra og orientering om vidare prosessar etter at fellesnemnda har gjort endeleg vedtak i saka.

PS 20/18 Sak om rekruttering i omstillingsperiode - Nye Øygarden kommune

Innstilling:

Partssamansett utval vedtek at overordna styringsgruppe er overordna stillingsgruppe med verknad frå 1.1.2019.

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:

Fleire av medlemene i utvalet viste til at saka om oppretting av overordna stillingsgruppe og handtering av ledige stillingar i tråd med avtaleverket er eit viktig tiltak, då det aukar fleksibiliteten til den nye kommunen. Det vart også bedt om å få jamlege statusrapportar frå stillingsgruppa noko som vart stadfesta av prosjektrådmann Rune Lid.

Innstillinga vart deretter samrøystes vedteken.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:

Partsamansett utval vedtek at overordna styringsgruppe er overordna stillingsgruppe med verknad frå 1.1.2019.



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 022.3
Saksmappe: 2017/5634-32282/2018
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 10.12.2018

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
69/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	17.12.2018

Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
70/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	17.12.2018

Oppfølging av inndelingslova knytt til kontrollutval og val av revisorteneste i Nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

Sak om val av revisorteneste og sekretariat for kontrollutval i nye Øygarden kommune var lagt fram for fellesnemnda i møte 15.10.18. Fellesnemnda utsette saka for ytterlegare avklaringar.

Prosjektrådmannen legg no saka fram på nytt, men då som to separate saker – ei sak som gjeld val av revisorteneste i Nye Øygarden kommune og ei sak som gjeld sekretariatsordning for kontrollutval i Nye Øygarden kommune.

Fellesnemnda må i denne saka ta stilling til likelydande innstilling frå kontrollutvala i Fjell, Sund og Øygarden om revisjonstenester i den nye kommunen i samsvar med Inndelingslova §26. Prosjektrådmannen vil peika på at det i kravspesifikasjon om revisorteneste er viktig at det vert teke omsyn til dei krav prosjektrådmannen har til revisjonsoppgåver i den nye kommunen, mellom anna knytt til kommunale føretak og særattestasjon.

Prosjektrådmannen legg saka fram med same felles innstilling som dei tre kontrollutvala har gjeve, men med eit tillegg i vedtakspunkt 3.

Innstilling:

1. Nye Øygarden kommune vel å kjøpe revisjonstenester i marknaden.
2. Kontrollutvala syter for at kommunane Fjell, Sund og Øygarden får avvikla noverande revisjonskontraktar slik at dei opphøyrer 31.12.2019. Her må takast med at revisor likevel reviderer ferdig årsrekneskapen for dei tre kommunane i løpet av vårhalvåret 2020, samt avsluttar revisjonar som har starta opp på andre område, t.d. pågåande forvaltningsrevisjonar.
3. Kontrollutvala får ansvar for å gjennomføra konkurranse om revisjonstenester for Nye Øygarden kommune, med verknad fom. 01.01.2020. Det inneber bl.a. utarbeiding av konkurransegrunnlag, knyta til seg naudsynt hjelp og å gjennomføra konkurransen heilt fram til at kontrollutvala innstiller overfor fellesnemnda på val av ny revisor.

Kontrollutvala må konferere med prosjektrådmannen ved utarbeiding av konkurransegrunnlaget.

4. Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvala i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

Straume, den 10.12.2018

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

- Vedtak i kontrollutvalet i Øygarden om revisjonsteneste
- Vedtak i kontrollutvalet i Sund om revisjonsteneste
- Vedtak i kontrollutvalet i Fjell om revisjonsteneste

Saksopplysningar:

Prosjektrådmannen vil retta opp ei mistyding i saksframlegga frå kontrollutvala der det står at fellesnemnda har oppretta ei innkjøpsgruppe. Det er prosjektrådmannen som har oppnemnd ei arbeidsgruppe som kan gje prosjektrådmannen faglege råd knytt til innkjøp og anbod som må gjerast i prosjektperioden.

Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (Inndelingslova) er lova som regulerer samanslåing av kommunar. Føremålet med lova er å leggja til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet kan sikra eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- eller fylkesinndelinga bør medverka til å skapa føremålstenlege einingar som kan gje innbyggjarane tilfredsstillande tenester og forvaltning.

Kontrollutval

I inndelingslova § 26 – Fellesnemnd, står det mellom anna slik:

Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariat for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.

Kontrollutvala i Sund, Øygarden og Fjell har med bakgrunn i Inndelingslova §26 på eige initiativ behandla spørsmålet om revisorteneste i Nye Øygarden kommune og gjeve likelydande innstilling til fellesnemnda.

Kontrollutvalet i Øygarden kommune behandla sak 44/18 - Val av revisjonsordning for Nye Øygarden kommune, i møte 04.09.2018. Partsbrev til fellesnemnda føl denne saka som vedlegg.

Kontrollutvalet i Sund kommune behandla sak 38/18 – Val av revisjonsordning for Nye Øygarden kommune, i møte 11.09.2018. Partsbrev til fellesnemnda føl denne saka som vedlegg.

Kontrollutvalet i Fjell kommune behandla sak 21/2018 – Revisjonsordning for Nye Øygarden kommune, i møte 12.11.2018. Partsbrev til fellesnemnda føl denne saka som vedlegg.

Innstillingar frå kontrollutvala

Kontrollutvala i kommunane Fjell, Sund og Øygarden har gjeve slik likelydande innstilling til fellesnemnda når det gjeld revisjonstenester:

Forslag til innstilling

1. *Nye Øygarden kommune vel å kjøpe revisjonstenester i marknaden.*
2. *Kontrollutvala syter for at kommunane Fjell, Sund og Øygarden får avvikla noverande revisjonskontraktar slik at dei opphøyrer 31.12.2019. Her må takast med at revisor likevel reviderer ferdig årsrekneskapen for dei tre kommunane i løpet av vårhalvåret 2020, samt avsluttar revisjonar som har starta opp på andre område, t.d. pågåande forvaltningsrevisjonar.*
3. *Kontrollutvala får ansvar for å gjennomføra konkurranse om revisjonstenester for nye Øygarden kommune, med verknad fom. 01.01.2020. Det inneber bl.a. utarbeiding av konkurransegrunnlag, knyta til seg naudsynt hjelp og å gjennomføra konkurransen heilt fram til at kontrollutvala innstiller overfor fellesnemnda på val av ny revisor.*

Vurdering:

Fellesnemnda må i denne saka ta stilling til dei likelydande innstillingane frå kontrollutvala i Fjell, Sund og Øygarden som ligg føre om revisjonstenester i den nye kommunen og viser til vedlegga i saka.

Prosjektrådmannen vil gjera merksam på at det i kravspesifikasjon om revisorteneste er viktig at det vert teke høgd for dei krav prosjektrådmannen har til revisjonsoppgåver i den nye kommunen, mellom anna knytt til kommunale føretak og særattestasjon.

Prosjektrådmannen vil difor ha med eit tillegg i vedtakspunkt 3 og foreslår nytt punkt 3 slik:

3. Kontrollutvala får ansvar for å gjennomføra konkurranse om revisjonstenester for Nye Øygarden kommune, med verknad fom. 01.01.2020. Det inneber bl.a. utarbeiding av konkurransegrunnlag, knyta til seg naudsynt hjelp og å gjennomføra konkurransen heilt fram til at kontrollutvala innstiller overfor fellesnemnda på val av ny revisor. Kontrollutvala må konferere med prosjektrådmannen ved utarbeiding av konkurransegrunnlaget.

Prosjektrådmannen vil også gjera merksam på at det er fellesnemnda som skal gjera endeleg vedtak om val av revisor og har på denne bakgrunn teke med eit nytt punkt 4 i innstillinga frå kontrollutvala.



Fellesnemnda Nye Øygarden kommune

Vår sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Dykkar ref.:
Vår ref: 2018/51
Vår dato: 03.10.2018

Partsbrev - Val av revisjonsordning for Nye Øygarden kommune

Vedlagt følger partsbrev i sak PS 44/18 «Val av revisjonsordning for Nye Øygarden kommune», frå møte i kontrollutvalet i Øygarden kommune 04.09.2018.

Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvalet i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

Med helsing

Hogne Haktorsen
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Fjell kommune
Sund kommune
Øygarden kommune
Ordførar Fjell kommune
Ordførar Sund kommune
Ordførar Øygarden kommune
Utvalseiar Øygarden kommune

Arkivsak: 210
 Arkivnr: 2018/51-1
 Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Øygarden kommune	44/18	04.09.2018

Val av revisjonsordning for Nye Øygarden kommune

Bakgrunn for saka

Det er vedteke at kommunane Sund, Øygarden og Fjell skal slå seg saman til Øygarden kommune fom 01.01.2020.

Det er fleire forhold som må avklarast før samanslåing, og eit av dei er kva revisjonsordning den nye kommunen skal ha. Av kommunelova § 78 nr. 3 kjem det fram at kommunen kan velja mellom tre revisjonsordningar:

«Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget.»

Saka vil gå til dei tre kontrollutvala som innstiller om revisjonsordninga overfor fellesnemnda, under føresetnad av at fellesnemnda har fått fullmakt til å ta slik avgjerd.

Denne saka gjeld val av revisjonsordning i den nye kommunen. I tillegg vil det koma ei sak om val av revisor når det er fatta endeleg vedtak om revisjonsordning.

Drøfting

I Noreg er det flest interkommunale revisjonsordningar, medan det i Hordaland er mest vanleg med privat revisjon. Sekretariatet er kjent med at det er om lag 60 kommunar og to fylkeskommunar som har privat revisjon i dag. I Hordaland har 20 av 33 kommunar, samt Hordaland fylkeskommune, privat revisjon.

Ved årsskiftet 2011/2012 var det seks kommunar og fire fylkeskommunar som hadde ei ordning med egne tilsette revisorar. (Jmf. NKRF, Utredning om og valg av revisjonsordning m.m., Veileder av mars 2012., side 12)

Privat revisjon.

Alle kommunane som skal slåast saman har hatt privat revisjon i fleire år fordelt på fleire avtaleperiodar. Då kommunane Sund og Øygarden sist ba om tilbod på revisjonstenester vart mellom anna dette etterspurt i konkurranseutlysinga:

- Tilstrekkeleg gjennomføringsevne og kapasitet i høve til ytingane som skal leverast,
- Kjernekompetanse relatert til leveringa, inkludert skildring av tilgang til juridisk kompetanse knytt til leveransen
- Skildring av løysing av oppdrag som går utover eigen kompetanse, med eventuell forpliktingsfråsegn frå underleverandør.
- System for kvalitetssikring.
- God finansiell og økonomisk stilling,
- Kommunen nyttar nynorsk målføre. Rapportar til politiske organ skal derfor skrivast på nynorsk. Som hovudregel skal korrespondanse med kommunen skje på nynorsk.
- Leverandøren sitt løysingsforslag skal inkludere forslag til organisering med prosjektplan og framdriftsplan. Arbeidsmetodikk, årsrytme, forslag til møtefrekvens etc. bør vere ein del av dette.

Dei private revisjonsselskapa som har oppdrag i norske kommunar er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innanfor eit breitt spekter av oppgåver. Noko sjeldnare går oppdraget til mindre private firma.

Å kjøpa tenester frå privat revisor er fullt ut ei tenleg ordning.

Om eigen revisor.

Det er i all hovudsak store kommunar og fylkeskommunar som har eigne revisorar. Døme er Oslo kommune og Trondheim kommune. I Hordaland er det ingen kommunar som har slik revisjonsordning. Det står i kommunelova § 78 nr. 2:

Revisjonsarbeidet skal omfatte regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Det er stor breidde på ansvarsfeltet innafor begge desse revisjonsformene. Det bør vera breiddekompetanse i revisjonen. Noverande budsjett til revisjonsarbeidet i dei tre kommunane gjev i beste fall rom for å tilsetta 1-2 revisorar. Då vil ein mangla breiddekompetanse og ordninga er kritisk sårbar ved sjukdom og ledighet i stillinga. Uavhengighet vil og vera eit spørsmål – når det kun er ein eller to revisorar som er såpass «tett på» kommunen.

Det kan på bakgrunn av bl.a. manglande breiddekompetanse, sårbarhet og risiko ift. uavhengighet ikkje tilråast å gå for ei slik løysing.

Om interkommunale selskap.

Interkommunale revisjonsselskap leverer revisjonstenester i heile landet. Men, kompetansebreidde og stordriftsfordelar aukar jo større selskapet er, medan sårbarhet er større jo mindre selskapet er.

Dersom ein skal vera del av eit interkommunalt selskap, må ein også finna ut kva selskap som evnt. ville vore aktuelt å gå inn i. Ein må vera merksam på at det er få og relativt små interkommunale revisjonsselskap att i Hordaland. Det dreiar seg om Nordhordland revisjon IKS og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt, kvar av dei med 4-5 tilsette.

I nabofylka er det eit større interkommunalt revisjonsselskap i søre del av Rogaland som heiter Rogaland Revisjon IKS. I Sogn og Fjordane er det tre revisjonsselskap som i desse dagar arbeidar med å slå seg saman.

Konklusjon

Kommunane Sund, Øygarden og Fjell har i dag alle privat revisjon, og er etter det sekretariatet kjenner til nøgd med denne ordninga. Det er såleis nærliggande å tru at ein og ønskjer at denne ordninga skal gjelde for Nye Øygarden kommune.

Forslag til innstilling

1. Nye Øygarden kommune vel å kjøpe revisjonstenester i markaden
2. Kontrollutvala syter for at kommunane Fjell, Sund og Øygarden får avvikla noverande revisjonskontraktar slik at dei opphøyrer 31.12.2019. Her må takast med at revisor likevel reviderar ferdig årsrekneskapen for dei tre kommunane i løpet av vårhalvåret 2020, samt avsluttar revisjonar som har starta opp på andre område, td. pågåande forvaltningsrevisjonar.
3. Kontrollutvala får ansvar for å gjennomføra konkurranse om revisjonstenester for nye Øygarden kommune, med verknad fom. 01.01.2020. Det inneber bl.a. utarbeiding av konkurransegrunnlag, knyta til seg naudsynt hjelp og å gjennomføra konkurransen heilt fram til at kontrollutvala innstiller overfor fellesnemnda på val av ny revisor.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Øygarden kommune - 04.09.2018

Handsaming i møtet:

Sekretariatet orienterte om saka gjeldande ny revisjonsordning for Nye Øygarden kommune, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet..

Saka skal og handsamast i kommunane Fjell og Øygarden, og vedtaka frå dei tre kontrollutvala skal sendast til fellesnemnda for Nye Øygarden kommune, som skal fatte endeleg vedtak i saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Nye Øygarden kommune vel å kjøpe revisjonstenester i markaden
2. Kontrollutvala syter for at kommunane Fjell, Sund og Øygarden får avvikla noverande revisjonskontraktar slik at dei opphøyrer 31.12.2019. Her må takast med at revisor likevel reviderar ferdig årsrekneskapen for dei tre kommunane i løpet av vårhalvåret 2020, samt avsluttar revisjonar som har starta opp på andre område, td. pågåande forvaltningsrevisjonar.
3. Kontrollutvala får ansvar for å gjennomføra konkurranse om revisjonstenester for nye Øygarden kommune, med verknad fom. 01.01.2020. Det inneber bl.a. utarbeiding av konkurransegrunnlag, knyta til seg naudsynt hjelp og å gjennomføra konkurransen heilt fram til at kontrollutvala innstiller overfor fellesnemnda på val av ny revisor.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Sund kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Fellesnemnda Nye Øygarden kommune

Vår sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Dykkar ref.:
Vår ref: 2018/54
Vår dato: 03.10.2018

Partsbrev - Val av revisjonsordning for Nye Øygarden kommune

Vedlagt følger partsbrev i sak PS 38/18 «Val av revisjonsordning for Nye Øygarden kommune», frå møte i kontrollutvalet i Sund kommune 11.09.2018.

Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvala i Fjell, Øygarden og Sund.

Med helsing

Hogne Haktorsen
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Fjell kommune
Øygarden kommune
Sund kommune
Ordførar Fjell kommune
Ordførar Øygarden kommune
Ordførar Sund kommune
Utvalseiar Sund kommune

Arkivsak: 210
 Arkivnr: 2018/54-1
 Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Sund kommune	38/18	11.09.2018

Val av revisjonsordning for Nye Øygarden kommune

Bakgrunn for saka

Det er vedteke at kommunane Sund, Øygarden og Fjell skal slå seg saman til Øygarden kommune fom 01.01.2020.

Det er fleire forhold som må avklarast før samanslåing, og eit av dei er kva revisjonsordning den nye kommunen skal ha. Av kommunelova § 78 nr. 3 kjem det fram at kommunen kan velja mellom tre revisjonsordningar:

«Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget.»

Saka vil gå til dei tre kontrollutvala som innstiller om revisjonsordninga overfor fellesnemnda, under føresetnad av at fellesnemnda har fått fullmakt til å ta slik avgjerd.

Denne saka gjeld val av revisjonsordning i den nye kommunen. I tillegg vil det koma ei sak om val av revisor når det er fatta endeleg vedtak om revisjonsordning.

Drøfting

I Noreg er det flest interkommunale revisjonsordningar, medan det i Hordaland er mest vanleg med privat revisjon. Sekretariatet er kjent med at det er om lag 60 kommunar og to fylkeskommunar som har privat revisjon i dag. I Hordaland har 20 av 33 kommunar, samt Hordaland fylkeskommune, privat revisjon.

Ved årsskiftet 2011/2012 var det seks kommunar og fire fylkeskommunar som hadde ei ordning med egne tilsette revisorar. (Jmf. NKRF, Utredning om og valg av revisjonsordning m.m., Veileder av mars 2012., side 12)

Privat revisjon.

Alle kommunane som skal slåast saman har hatt privat revisjon i fleire år fordelt på fleire avtaleperiodar. Då kommunane Sund og Øygarden sist ba om tilbod på revisjonstenester vart mellom anna dette etterspurt i konkurranseutlysinga:

- Tilstrekkeleg gjennomføringsevne og kapasitet i høve til ytingane som skal leverast,
- Kjernekompetanse relatert til leveringa, inkludert skildring av tilgang til juridisk kompetanse knytt til leveransen
- Skildring av løysing av oppdrag som går utover eigen kompetanse, med eventuell forpliktingsfråsegn frå underleverandør.
- System for kvalitetssikring.
- God finansiell og økonomisk stilling,
- Kommunen nyttar nynorsk målføre. Rapportar til politiske organ skal derfor skrivast på nynorsk. Som hovudregel skal korrespondanse med kommunen skje på nynorsk.
- Leverandøren sitt løysingsforslag skal inkludere forslag til organisering med prosjektplan og framdriftsplan. Arbeidsmetodikk, årsrytme, forslag til møtefrekvens etc. bør vere ein del av dette.

Dei private revisjonsselskapa som har oppdrag i norske kommunar er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innanfor eit breitt spekter av oppgåver. Noko sjeldnare går oppdraget til mindre private firma.

Å kjøpa tenester frå privat revisor er fullt ut ei tenleg ordning.

Om eigen revisor.

Det er i all hovudsak store kommunar og fylkeskommunar som har eigne revisorar. Døme er Oslo kommune og Trondheim kommune. I Hordaland er det ingen kommunar som har slik revisjonsordning. Det står i kommunelova § 78 nr. 2:

Revisjonsarbeidet skal omfatte regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Det er stor breidde på ansvarsfeltet innafor begge desse revisjonsformene. Det bør vera breiddekompetanse i revisjonen. Noverande budsjett til revisjonsarbeidet i dei tre kommunane gjev i beste fall rom for å tilsetta 1-2 revisorar. Då vil ein mangla breiddekompetanse og ordninga er kritisk sårbar ved sjukdom og ledighet i stillinga. Uavhengighet vil og vera eit spørsmål – når det kun er ein eller to revisorar som er såpass «tett på» kommunen.

Det kan på bakgrunn av bl.a. manglande breiddekompetanse, sårbarhet og risiko ift. uavhengighet ikkje tilråast å gå for ei slik løysing.

Om interkommunale selskap.

Interkommunale revisjonsselskap leverer revisjonstenester i heile landet. Men, kompetansebreidde og stordriftsfordelar aukar jo større selskapet er, medan sårbarhet er større jo mindre selskapet er.

Dersom ein skal vera del av eit interkommunalt selskap, må ein også finna ut kva selskap som evnt. ville vore aktuelt å gå inn i. Ein må vera merksam på at det er få og relativt små interkommunale revisjonsselskap att i Hordaland. Det dreiar seg om Nordhordland revisjon IKS og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt, kvar av dei med 4-5 tilsette.

I nabofylka er det eit større interkommunalt revisjonsselskap i søre del av Rogaland som heiter Rogaland Revisjon IKS. I Sogn og Fjordane er det tre revisjonsselskap som i desse dagar arbeidar med å slå seg saman.

Konklusjon

Kommunane Sund, Øygarden og Fjell har i dag alle privat revisjon, og er etter det sekretariatet kjenner til nøgd med denne ordninga. Det er såleis nærliggande å tru at ein og ønskjer at denne ordninga skal gjelde for Nye Øygarden kommune.

Forslag til innstilling

1. Nye Øygarden kommune vel å kjøpe revisjonstenester i markaden
2. Kontrollutvala syter for at kommunane Fjell, Sund og Øygarden får avvikla noverande revisjonskontraktar slik at dei opphøyrer 31.12.2019. Her må takast med at revisor likevel reviderar ferdig årsrekneskapen for dei tre kommunane i løpet av vårhalvåret 2020, samt avsluttar revisjonar som har starta opp på andre område, td. pågåande forvaltningsrevisjonar.
3. Kontrollutvala får ansvar for å gjennomføra konkurranse om revisjonstenester for nye Øygarden kommune, med verknad fom. 01.01.2020. Det inneber bl.a. utarbeiding av konkurransegrunnlag, knyta til seg naudsynt hjelp og å gjennomføra konkurransen heilt fram til at kontrollutvala innstiller overfor fellesnemnda på val av ny revisor.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Sund kommune - 11.09.2018

Handsaming i møtet:

Sekretariatet orienterte kort om saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet i Øygarden kommune fatta vedtak i saka 04.09.2018.

Saka skal og handsamast i kommunane Fjell og Øygarden, og vedtaka frå dei tre kontrollutvala skal sendast til fellesnemnda for Nye Øygarden kommune, som skal fatte endeleg vedtak i saka.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Nye Øygarden kommune vel å kjøpe revisjonstenester i markaden
2. Kontrollutvala syter for at kommunane Fjell, Sund og Øygarden får avvikla noverande revisjonskontraktar slik at dei opphøyrer 31.12.2019. Her må takast med at revisor likevel reviderar ferdig årsrekneskapen for dei tre kommunane i løpet av vårhalvåret 2020, samt avsluttar revisjonar som har starta opp på andre område, td. pågåande forvaltningsrevisjonar.
3. Kontrollutvala får ansvar for å gjennomføra konkurranse om revisjonstenester for nye Øygarden kommune, med verknad fom. 01.01.2020. Det inneber bl.a. utarbeiding av konkurransegrunnlag, knyta til seg naudsynt hjelp og å gjennomføra konkurransen heilt fram til at kontrollutvala innstiller overfor fellesnemnda på val av ny revisor.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

KONTROLLUTVALET I FJELL KOMMUNE

Fellesnemnda nye Øygarden kommune

Sendt på e-post til: Unni.Rygg@fjell.kommune.no

Partsbrev - Val av revisjonsordning for nye Øygarden kommune

Vedlagt følger partsbrev i sak 21/2018 "Revisjonsordning for nye Øygarden kommune", frå møte i kontrollutvalet i Fjell kommune 12.11.2018.

Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvalet i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

Kontrollutvalet i Fjell kommune, 13. november 2018

Kristian Garlid Johannessen
Leiar

Jofrid Orvedal Aase
Sekretariat

Kopi til:
Fjell kommune
Sund kommune
Øygarden kommune
Ordførar Fjell kommune
Ordførar Sund kommune
Ordførar Øygarden kommune
Utvalsleiar Fjell kommune

21/2018: REVISJONSORDNING FOR NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Saksdokument:

- Partsbrev frå kontrollutvalet i Øygarden kommune – Revisjonsordning for nye Øygarden kommune
- Partsbrev frå kontrollutvalet i Sund kommune – Revisjonsordning for nye Øygarden kommune

Saksopplysing:

Det er vedteke at kommunane Sund, Øygarden og Fjell skal slå seg saman til Øygarden kommune fom. 1.1.2020.

Det er fleire forhold som må avklarast før samanslåing, og eit av dei er kva revisjonsordning den nye kommunen skal ha. Av kommunelova § 78 nr. 3 kjem det fram at kommunen kan velja mellom tre revisjonsordningar:

"Kommunestyret eller fylkestinget avgjør sjølv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtaler med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling frå kontrollutvalget".

Saka vil gå til dei tre kontrollutvala som skal gi innstilling om revisjonsordning overfor fellesnemnda, under føresetnad av at fellesnemnda har fått fullmakt til å ta slik avgjerd.

Denne saka gjeld val av revisjonsordning i nye Øygarden kommune. I tillegg vil det kome ei sak om val av revisor når det er fatta endeleg vedtak om revisjonsordning.

Drøfting:

Kommunane kan velje anten å ha revisjon i eigenregi (eigen revisor eller revisjon i samarbeid med andre kommunar) eller å kjøpe revisjonstenester frå eit privat selskap. I Noreg er det flest interkommunale revisjonsordningar, medan det i Hordaland er mest vanleg med privat revisjon. I Hordaland har 20 av 33 kommunar, samt Hordaland kommune, privat revisjon.

Ved årsskiftet 2011/2012 var det seks kommunar og fire fylkeskommunar som hadde ei ordning med egne tilsette revisorar. (Jmf. NKRF, Utredning om og val av revisjonsordning m.m., veileder av mars 2012, side 12).

Privat revisjon

Alle kommunane som skal slåast saman har hatt privat revisjon i fleire år fordelt på fleire avtaleperiodar. Dei private revisjonsselskapa som har oppdrag i norske kommunar er i det vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innanfor eit breitt spekter av oppgåver. Kjøp av revisjonstenester frå privat revisor er fullt ut ei tenleg ordning.

Eigen revisor

Kommunen kan tilsetje eigen revisor, slik at revisoren får eit vanleg tilsetjingsforhold i kommunen. Revisorane kan ikkje instruerast om revisjonsfaglige forhold, men er i andre samanhengar underlagt same regelverk som andre tilsette i kommunen.

Det er i all hovudsak store kommunar og fylkeskommunar som har egne revisorar. Døme er Oslo kommune og Trondheim kommune. I Hordaland er det ingen kommunar som har slik revisjonsordning. Det står i kommunelova § 78 nr. 2:

"Revisjonsarbeidet skal omfatte regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon".

Det er stor breidde på ansvarsfeltet innafor begge desse revisjonsformene. Det bør vera breiddekompetanse i revisjonen. Noverande budsjett til revisjonsarbeidet i dei tre kommunane gjev i beste fall rom for å tilsetta 1-2 revisorar. Då vil ein mangla breiddekompetanse og ordninga er kritisk sårbar ved sjukdom og ledighet i stillinga. Uavhengighet vil og vera eit spørsmål – når det kun er ein eller to revisorar som er såpass «tett på» kommunen.

Det kan på bakgrunn av bl.a. manglande breiddekompetanse, sårbarhet og risiko ift. uavhengighet ikkje tilråast å gå for ei slik løysing.

Om interkommunale selskap:

Interkommunale revisjonsselskap leverer revisjonstenester i heile landet. Men, kompetansebreidde og stordriftsfordelar aukar jo større selskapet er, medan sårbarhet er større jo mindre selskapet er.

Dersom ein skal vera del av eit interkommunalt selskap, må ein også finna ut kva selskap som evt. ville vore aktuelt å gå inn i. Ein må vera merksam på at det er få og relativt små interkommunale revisjonsselskap att i Hordaland. Det dreiar seg om Nordhordland revisjon IKS og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt, kvar av dei med 4-5 tilsette.

I nabofylka er det eit større interkommunalt revisjonsselskap i søre del av Rogaland som heiter Rogaland Revisjon IKS. I Sogn og Fjordane er det tre revisjonsselskap som i desse dagar arbeidar med å slå seg saman.

Konklusjon:

Kommunane Sund, Øygarden og Fjell har i dag alle privat revisjon, og er etter det sekretariatet kjenner til nøgd med denne ordninga. Det er såleis nærliggande å tru at ein og ønskjer at denne ordninga skal gjelde for nye Øygarden kommune.

Forslag til innstilling:

1. Nye Øygarden kommune vel å kjøpe revisjonstenester i marknaden
2. Kontrollutvala syter for at kommunane Fjell, Sund og Øygarden får avvikla noverande revisjonskontraktar slik at dei opphøyrer 31.12.2019. Her må takast med at revisor likevel reviderar ferdig årsrekneskapen for dei tre kommunane i løpet av vårhalvåret 2020, samt avsluttar revisjonar som har starta opp på andre område, td. pågåande forvaltningsrevisjonar.
3. Kontrollutvala får ansvar for å gjennomføra konkurranse om revisjonstenester for nye Øygarden kommune, med verknad fom. 01.01.2020. Det inneber bl.a. utarbeiding av konkurransegrunnlag, knyta til seg naudsynt hjelp og å gjennomføra konkurransen heilt fram til at kontrollutvala innstiller overfor fellesnemnda på val av ny revisor.

Handsaming i møte:

Kontrollutvalet gjekk gjennom saksopplysningane. Kommunane Sund, Øygarden og Fjell har i dag alle privat revisjon, og er etter det kontrollutvalet kjenner til nøgd med denne ordninga. Kontrollutvalet ønsker at denne ordninga også skal gjelde for nye Øygarden kommune.

Etter gjennomgangen vart følgjande vedtak samrøystes vedteke:

VEDTAK:

1. *Nye Øygarden kommune vel å kjøpe revisjonstenester i marknaden*
2. *Kontrollutvala syter for at kommunane Fjell, Sund og Øygarden får avvikla noverande revisjonskontraktar slik at dei opphøyrer 31.12.2019. Her må takast med at revisor likevel reviderar ferdig årsrekneskapen for dei tre kommunane i løpet av vårhalvåret 2020, samt avsluttar revisjonar som har starta opp på andre område, td. pågåande forvaltningsrevisjonar.*
3. *Kontrollutvala får ansvar for å gjennomføra konkurranse om revisjonstenester for nye Øygarden kommune, med verknad fom. 01.01.2020. Det inneber bl.a. utarbeiding av konkurransegrunnlag, knyta til seg naudsynt hjelp og å gjennomføra konkurransen heilt fram til at kontrollutvala innstiller overfor fellesnemnda på val av ny revisor.*

Bergen, 13. november 2018

Jofrid Orvedal Aase
Sekretariat



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
71/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	17.12.2018

Oppfølging av inndelingslova knytt til sekretariatsordning for kontrollutvalet i Nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

Sak om val av revisorteneste og sekretariat for kontrollutval i nye Øygarden kommune var lagt fram for fellesnemnda i møte 15.10.18. Fellesnemnda utsette saka for ytterlegare avklaringar.

Prosjektrådmannen legg no saka fram på nytt, men då som to separate saker – ei sak som gjeld val av revisorteneste i nye Øygarden kommune og ei sak som gjeld sekretariatsordning for kontrollutval i nye Øygarden kommune.

Fellesnemnda må i denne saka ta stilling til likelydande innstilling frå kontrollutvala i Fjell, Sund og Øygarden om sekretariatsordning for kontrollutvalet i den nye kommunen i samsvar med Inndelingslova §26.

Prosjektrådmannen legg saka fram med same felles innstilling som dei tre kontrollutvala har gjeve, og har lagt inn eit tilleggspunkt om at det er fellesnemnda som skal ta endeleg avgjerd om sekretariatsordning for kontrollutvalet i den nye kommunen.

Innstilling:

1. **Kontrollutvala** hentar inn tilbod på sekretariatstenester frå 3 til 5 tilbydarar.
2. Kontrollutvala i dei tre kommunane samordnar seg på kven som skal få høve til å kome med tilbod.
3. Tilbodet skal gjelde for to år, med opsjon for tre nye år.
4. Det skal leggjast vekt på pris og kvalitet i konkurransegrunnlaget.
5. Innkjøpsgruppa som er peika ut av prosjektrådmannen får i oppgåve å utarbeide framlegg til konkurransegrunnlag, som skal handsamast og godkjennast av kontrollutvala i dei tre kommunane.
6. Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvala i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

Straume, den 10.12.2018

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

- Vedtak i kontrollutvalet i Øygarden kommune om sekretariatsordning
- Vedtak i kontrollutvalet i Sund kommune om sekretariatsordning
- Vedtak i kontrollutvalet i Fjell kommune om sekretariatsordning

Saksopplysningar:

Prosjektrådmannen vil retta opp ei mistyding i saksframlegga frå kontrollutvala der det står at fellesnemnda har oppretta ei innkjøpsgruppe. Det er prosjektrådmannen som har oppnemnd ei arbeidsgruppe som skal gje prosjektrådmannen faglege råd knytt til innkjøp og anbod som må gjerast i prosjektperioden.

Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (Inndelingslova) er lova som regulerer samanslåing av kommunar. Føremålet med lova er å leggja til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet kan sikra eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- eller fylkesinndelinga bør medverka til å skapa føremålstenlege einingar som kan gje innbyggjarane tilfredsstillande tenester og forvaltning.

I inndelingslova § 26 – Fellesnemnd, står det mellom anna slik:

Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariat for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.

Kontrollutvala i Sund, Øygarden og Fjell har med bakgrunn i Inndelingslova §26 på eige initiativ behandla spørsmålet om sekretariatsordning for kontrollutvalet i Nye Øygarden kommune og gjeve likelydande innstilling til fellesnemnda.

Kontrollutvalet i Øygarden kommune behandla sak 45/18 – Sekretariatsordning for kontrollutvalet i Nye Øygarden kommune, i møte 04.09.2018. Partsbrev til fellesnemnda føl denne saka som vedlegg.

Kontrollutvalet i Sund kommune behandla sak 42/18 – Sekretariatsordning for Nye Øygarden kommune, i møte 11.09.2018. Partsbrev til fellesnemnda føl denne saka som vedlegg.

Kontrollutvalet i Fjell kommune behandla sak 20/2018 – Sekretariatsordning for kontrollutvalet i Nye Øygarden kommune, i møte 12.11.2018. Partsbrev til fellesnemnda føl denne saka som vedlegg.

Innstillingar frå kontrollutvala

Kontrollutvala i kommunane Fjell, Sund og Øygarden har gjeve slik likelydande innstilling til fellesnemnda når det gjeld sekretariatsordning for kontrollutvalet i Nye Øygarden kommune:

- a) Kontrollutvalet hentar inn tilbod på sekretariatstenester frå 3 til 5 tilbydarar.*
- b) Kontrollutvala i dei tre kommunane samordnar seg på kven som skal få høve til å kome med tilbod.*
- c) Tilbodet skal gjelde for to år, med opsjon for tre nye år.*
- d) Det skal leggjast vekt på pris og kvalitet i konkurransegrunnlaget.*
- e) Innkjøpsgruppa som er peika ut av prosjektrådmannen får i oppgåve å utarbeide framlegg til konkurransegrunnlag, som skal handsamast og godkjennast av kontrollutvala i dei tre kommunane.*

Vurdering:

Fellesnemnda må i denne saka ta stilling til dei likelydande innstillingane frå kontrollutvala i Fjell, Sund og Øygarden som ligg føre om sekretariatsordning for kontrollutvalet i den nye kommunen og viser til vedlegga i saka.

Prosjektrådmannen legg saka fram med same innstilling som kontrollutvala, men har lagt til eit tilleggspunkt 6 om at det er fellesnemnda som skal gjera endeleg vedtak om val av sekretariatsordning.



Fellesnemnda Nye Øygarden kommune

Vår sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Dykkar ref.:
Vår ref: 2016/95
Vår dato: 03.10.2018

Partsbrev - Sekretariatsordning for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune

Vedlagt følger partsbrev i sak PS 45/18 «Val av sekretariatsordning for Nye Øygarden kommune», frå møte i kontrollutvalet i Øygarden kommune 04.09.2018

Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvalet i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

Med helsing

Hogne Haktorsen
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Fjell kommune
Sund kommune
Øygarden kommune
Ordførar Fjell kommune
Ordførar Sund kommune
Ordførar Øygarden kommune
Uvalsleiar Øygarden kommune

Saksframlegg

Arkivsak: 601
 Arkivnr: 2016/95-4
 Sakshandsamar: Per Morken

Saksgang

Utal	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Øygarden kommune	45/18	04.09.2018

Sekretariatsordning for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune

Saka vart handsama første gang i møte 02.05.2018, sak PS 31/18 og så i møte 06.06.2018 PS 37/18.

Utvalsleiar vil at kontrollutvalet også i dette møtet drøftar sekretariatsordning for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune.

Forslag til innstilling

Lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Øygarden kommune - 04.09.2018**Handsaming i møtet:**

Sekretær Helge Inge Johansen var ikkje tilstade ved handsaming av denne saka.

Etter avtale med utvalsleiar er sekretariatet blitt beden om å protokollføre dette vedtaket, som vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

- Kontrollutvalet hentar inn tilbod på sekretariatstenester frå 3 til 5 tilbydarar.
- Kontrollutvala i dei tre kommunane samordnar seg på kven som skal få høve til å kome med tilbod.
- Tilbodet gjeld for to år, med opsjon for tre nye år.
- Det skal leggjast vekt på pris og kvalitet i konkurransegrunnlaget.
- Innkjøpsgruppa som er utpeikt av fellesnemnda får i oppgåve å utarbeide framlegg til konkurransegrunnlag, som skal handsamast og godkjennast av kontrollutvala i dei tre kommunane.

Per Morken
 Utvalsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Sund kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Fellesnemnda Nye Øygarden kommune

Vår sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Dykkar ref.:
Vår ref: 2016/94
Vår dato: 03.10.2018

Partsbrev - Sekretariatsordning for Nye Øygarden kommune

Vedlagt følger partsbrev i sak PS 42/18 «Sekretariatsordning for Nye Øygarden kommune», frå møte i kontrollutvalet i Sund kommune 11.09.2018.

Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvala i Fjell, Øygarden og Sund.

Med helsing

Hogne Haktorsen
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Fjell kommune
Øygarden kommune
Sund kommune
Ordførar Fjell kommune
Ordførar Øygarden kommune
Ordførar Sund kommune
Utvalsleiar Sund kommune

Saksframlegg

Arkivsak: 601
 Arkivnr: 2016/94-2
 Sakshandsamar: Ivar Steinsland

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Sund kommune	42/18	11.09.2018

Sekretariatsordning for Nye Øygarden kommune

Utvalsleiar vil at kontrollutvalet også i dette møtet drøftar sekretariatsordning for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune.

Forslag til innstilling

Lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Sund kommune - 11.09.2018**Handsaming i møtet:**

Sekretær Helge Inge Johansen var ikkje tilstade ved handsaming av denne saka.

Etter avtale med utvalsleiar er sekretariatet blitt beden om å protokollføre dette vedtaket, som vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

- a) Kontrollutvalet hentar inn tilbod på sekretariatstenester frå 3 til 5 tilbydarar.
- b) Kontrollutvala i dei tre kommunane samordnar seg på kven som skal få høve til å kome med tilbod.
- c) Tilbodet gjeld for to år, med opsjon for tre nye år.
- d) Det skal leggjast vekt på pris og kvalitet i konkurransegrunnlaget.
- e) Innkjøpsgruppa som er utpeikt av fellesnemnda får i oppgåve å utarbeide framlegg til konkurransegrunnlag, som skal handsamast og godkjennast av kontrollutvala i dei tre kommunane.

Ivar Steinsland
 Utvalsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

KONTROLLUTVALET I FJELL KOMMUNE

Fellesnemnda nye Øygarden kommune

Sendt på e-post til: Unni.Rygg@fjell.kommune.no

Partsbrev – Sekretariatsordning for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune

Vedlagt følger partsbrev i sak 20/2018 "Sekretariatsordning for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune", frå møte i kontrollutvalet i Fjell kommune 12.11.2018.

Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvalet i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

Kontrollutvalet i Fjell kommune, 13. november 2018

Kristian Garlid Johannessen
Leiar

Jofrid Orvedal Aase
Sekretariat

Kopi til:
Fjell kommune
Sund kommune
Øygarden kommune
Ordfører Fjell kommune
Ordfører Sund kommune
Ordfører Øygarden kommune
Utvalsleiar Fjell kommune

20/2018: SEKRETARIATSORDNING FOR KONTROLLUTVALET I NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Saksdokument:

- Partsbrev frå kontrollutvalet i Øygarden kommune – Sekretariatsordning for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune
- Partsbrev frå kontrollutvalet i Sund kommune – Sekretariatsordning for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune

Handsaming i møte:

Sekretær Jofrid Orvedal Aase var ikkje tilstade ved handsaming av denne saka.

Etter avtale med møteleiar er sekretariatet blitt beden om å protokollføre dette vedtaket, som vart samrøystes vedteke i kontrollutvalet.

VEDTAK:

- Kontrollutvalet hentar inn tilbod på sekretariatstenester frå 3 til 5 tilbydarar.*
- Kontrollutvala i dei tre kommunane samordnar seg på kven som skal få høve til å kome med tilbod.*
- Tilbodet gjeld for to år, med opsjon for tre nye år.*
- Det skal leggjast vekt på pris og kvalitet i konkurransegrunnlaget.*
- Innkjøpsgruppe som er utpeikt av fellesnemnda får i oppgåve å utarbeide framlegg til konkurransegrunnlag, som skal handsamast og godkjennast av kontrollutvala i dei tre kommunane.*

Bergen, 13. november 2018

Jofrid Orvedal Aase
Sekretariat



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
72/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	17.12.2018

OTD-messe i Sotra Arena 17.-18.oktober 2018 - finansiering

Samandrag av saka:

Saka gjeld finansiering av OTD-messe i Sotra Arena 17. – 18. oktober 2018.

**Fellesnemnda vert beden om å gjera vedtak om ei løyving på inntil kr. 200.000 av
prosjektmidlane til stand og deltaking på årets OTD-messe.**

Innstilling:

Fellesnemnda løyver inntil kr. 200.000,- til finansiering av Nye Øygarden kommune sin stand på årets OTD-messe.

Straume, den 10.12.2018

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

Årets OTD-messe (OTD = offshore Technology Days) i Sotra Arena vart avvikla 17. – 18. Oktober 2018.

Det var totalt 250 utstillarar og det var nesten 12.000 personar som besøkte messen. Årets messe har vore vellukka med mange positive tilbakemeldingar og tilbakemelding om kundar som har knytt nye kontaktar som dei meiner vert viktig for deira framtid.

Nye Øygarden kommune og Vest Næringsråd hadde felles stand på messen. I avtale med Vest Næringsråd vart det avtalt at Nye Øygarden kommune v/fellesnemnda skulle bera kostnadene med stand og utstyr.

Alle fakturaer er ikkje mottekne enno, men mottekne fakturaer så langt er ført i prosjektet Nye Øygarden sin rekneskap. Totalpris for leige av standplass og oppsett av standen er stipulert til ca. kr. 200.000,-.

Korkje fellesnemnda eller prosjektrådmannen har motteke søknad om deltaking på OTD-messen i forkant og det er difor ikkje sett av midlar til dette frå prosjektet si side.

Saka vert difor no lagt fram for fellesnemnda, der fellesnemnda vert bedt om å løyve inntil kr. 200.000,- til finansiering av stand og deltaking på OTD-messen 2018.

Fakturaer vert rekneskapsført i Fjell kommune sin rekneskap under Ansvar 1050 – Nye Øygarden kommune.

Utdrag frå tilbakemeldingar og oppsummering frå OTD-messa;

OTD er en perfekt anledning for oss å treffe besøkende, og leverandører som vi har et godt samarbeid med. På vår stand vil du bli møtt med hyggelige HyCom medarbeidere, som virkelig er gode i sine fagfelt.

Det var totalt 250 utstillere på leverandørindustriens oljemesse, Offshore Technology Days (OTD), i Sotra Arena denne uken.

Så og si alt gikk som planlagt under messen, forteller salgsdirektør Odd Eide Knudsen, som varsler rekordstor interesse for OTD i Stavanger neste år.

– Nesten 12.000 besøkende og en utsolgt oktoberfest gjorde dette til en av de bedre OTD-messene. Vi har fått enormt med positive tilbakemeldinger og flere kunder som melder inn at de har fått mange leads, at det var «riktige» personene og nye viktige kontakter. Det også gledelig at vi har solgt veldig mye stands for OTD2019 og nærmer oss 200 selskaper som er rekordtidlig, sier salgsdirektøren til Vest Næringsråd.

Imponerte med farger og spesialdesignet bord

En av utstillerne som fikk mye oppmerksomhet på messen, var Fabtech – som vant beste stand under 18 kvadratmeter.

Metall skifter farge når temperaturen heves fra 370 °C til 650 °C, og det er dette fargespekteret som er representert i logoen og på standen til Fabtech. Ågotnesfirmaet hadde

blant annet et spesialdesignet bord som viste frem rørsystemet og tjenestene som Fabtech tilbyr.

– Det var veldig gøy å vinne beste stand og vi har fått mye besøk, fortalte en smilende Gert Christian Strindberg, administrerende direktør i Fabtech, til Vest Næringsråd.

Smakfull stand

I år som i fjor, var Vest Næringsråd en del av standen til Nye Øygarden kommune, sammen med Cornelius Sjømatrestaurant og Panorama Hotell og Resort. Med deilige smaksprøver av alt fra kråkeboller til søte kaker ble standen et naturlig møtepunkt.

– Jeg er veldig fornøyd. På disse to dagene har vi hatt mange besøkende og har fått kontakt med et publikum som ellers er vanskelig å nå ut til. Det er veldig kjekt, sier hotelldirektør Ole Martin Opitz.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
19/18	Partssamansett utval Nye Øygarden kommune	11.12.2018
73/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	17.12.2018

Val av pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune skal gjere val om pensjonsleverandør for dei tilsette i Nye Øygarden kommune. Dette gjeld ikkje lærarar og sjukepleiarar som har lovfesta pensjonsordningar i høvesvis SPK og KLP.

Fellesnemnda vedtok i sak 22/18 av 19. mars 2018 at prosjektrådmann legg fram ei sak der det skal gjerast greie for fordelar og ulemper knytt til mellom anna kostnader, risiko, påverknad og demografi. I saka skal det leggst til rette for medverknad frå tillitsvalde i tråd med avtaleverket. Det skal takast omsyn til endra lovverk m.m. Grunna endringar i offentleg tenestepensjon med verknad frå 2020 er det innhenta ny ekstern rapport. Prosjektrådmannen valde Aon Norway AS som leverandør etter forenkla anbod.

Rapporten frå Aon skisserer to hovudløyisingar, anten forsikra løysing i KLP eller samling i eigen pensjonskasse som i dag er Fkp i Fjell kommune. Aon sin rapport konkluderer ikkje med ei eintydig tilråding, men heller svakt mot eigen kasse ut i frå eit økonomisk perspektiv.

Prosjektrådmannen sette saman ei eigen prosjektgruppe med utgangspunkt i hovudprosjekt Økonomi utvida med utvalde medarbeidarar frå økonomiavdelinga i dei 3 kommunane. I si tilråding har prosjektgruppa lagt vekt på følgjande: Vurderinga er basert på rapport frå Aon, innspel frå Fkp, KLP og høyringssvar frå organisasjonane. I tillegg er det teke omsyn til innspel som kom fram på informasjonsmøta med dei tilsette.

Tre perspektiv å sjå dette ut i frå:

- Økonomisk perspektiv for den nye kommunen
- Organisasjonane som i varetek dei tilsette sitt perspektiv
- Arbeidsgjevar sitt perspektiv som i varetek begge perspektiva.

Prosjektgruppa sin konklusjon

Basert på kulepunktene over kan det oppsummerast at det i eit økonomisk perspektiv, på kort sikt, vil vere økonomisk fordelaktig å ha eigen kasse for den nye kommunen. I eit

**lengre perspektiv er dei økonomiske fordelane meir usikre.
I eit tilsette- og arbeidsgjevarperspektiv er det klare indikasjonar i favør KLP som pensjonsleverandør.**

Tilråding frå gruppa;

På bakgrunn av konklusjonen over tilrår fleirtalet i hovudprosjekt Økonomi alternativ 1). Prosjektrådmannen har ikkje teke del i utarbeiding av konklusjon og tilråding i samarbeidet med denne saka.

Innstilling:

1. Ut frå ei totalvurdering tilrår prosjektrådmannen alternativ 1) ei forsikra løysing i KLP.
2. Prosjektrådmannen kjem attende med konkrete framlegg til vedtak i dei respektive kommunestyra og orientering om vidare prosessar etter at fellesnemnda har gjort endeleg vedtak i saka.

Straume, den 04.12.2018

Rune Lid
prosjektrådmann

Svend-Fredrik Untiedt
leiar hovudprosjekt Økonomi

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:

Tom Georg Indrevik tok opp igjen tema under sak 17/18; e-post som vart sendt til utvalet kvelden før møtet, frå aktør i saka, og bad om ytterlegare avklaring frå prosjektrådmann Rune Lid. Lid informerte om saksgangen med høyringsfristar, prosessen med nedsett arbeidsgruppe og involvering frå tillitsvalde på vegne av dei tilsette, og informasjon som kjem fram i rapportar vedlagt saka. Lid bad såleis om at e-posten ikkje vert teken omsyn til i denne drøftinga av saka for å sikre rettviss behandling av alle aktørar.

I diskusjonen som følgde var det fleire hovudtillitsvalde som trakk fram ein særskild grundig og vellykka prosess som har sikra brei deltaking i arbeidet med saka. Hovudtillitsvald Hildegunn Høyland bad om å få med følgjande merknad til saksopplysningar under avsnittet «Prosess» - *«Som ein del av prosjektgruppa var også hovudtillitsvald Hildegunn Høyland, hovudtillitsvald Rikard Kvaal og hovudverneombod Trude Erstad Villanger»*. Det vart samstundes avklart at alle i partssamansett utval er gilde til å behandle saka då dei tillitsvalde ikkje har vore involvert i å førebu saksframlegget.

Det vart samstundes stilt spørsmål til prosjektrådmannen om innstillinga, og prosjektrådmann viste til at føringar frå dei tillitsvalde, brukarperspektivet, har vore særskilt vesentleg for tilrådinga i saka grunna jamne pensjonsleverandørar.

Leiar av partssamansett utval, Børge Haugetun, viste til at diskusjonen i utvalet er med og gir grunnlag for vurderingar og vedtak i saka i fellesnemnda.

Partssamansett utval gjekk samla inn for at prosjektrådmannen si innstilling føl saka vidare til fellesnemnda.

Tilråding i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 11.12.2018:

1. Ut frå ei totalvurdering tilrår prosjektrådmannen alternativ 1) ei forsikra løysing i KLP.
2. Prosjektrådmannen kjem attende med konkrete framlegg til vedtak i dei respektive kommunestyra og orientering om vidare prosessar etter at fellesnemnda har gjort endeleg vedtak i saka.

Dokument vedlagt saka:

- Pensjonsanalyse for kommunane Fjell, Sund og Øygarden frå Gabler AS
- Pensjonsløysing for Nye Øygarden kommune frå Aon AS
- Høyringsuttale frå Fjell kommunale pensjonskasse AS om notat frå Aon og tilleggssuttale knytt til attendemelding frå løn og personal i Fjell kommune
- Høyringsuttale frå Kommunal Landspensjonskasse om notat frå Aon
- Høyringsuttale frå fagforeiningane
- Referat drøftingsmøte måndag 03.12.2018 – val av pensjonsleverandør

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Med utgangspunkt i at Fjell, Sund og Øygarden kommunar går saman til Nye Øygarden kommune frå 1. januar 2020 må ny felles pensjonsløysing vere på plass for den nye kommunen frå same dato. I dag har Sund og Øygarden pensjonsordninga i KLP, og Fjell har pensjonsordninga i Fjell kommunale pensjonskasse (FKP). FKP vart etablert i 2006.

Lærarar er organisert gjennom Statens Pensjonskasse (SPK). Sjukepleiarar er etter Kongeleg Resolusjon i KLP. Desse gruppene er ikkje omfatta av ny felles pensjonsløysing.

Mandat

Vedtak i fellesnemnda PS 22/18, 19.03.18:

1. Fellesnemnda ber om at prosjektleiar, mellom anna med bakgrunn i gjennomført kartlegging som var lagt fram for førebuande fellesnemnd 16.06.2017, legg fram ei sak for Fellesnemnda om val av pensjonsordning for den nye kommunen. I saksframlegget skal det gjerast greie for fordelar og

ulempes knytt til blant anna kostnader, risiko, påverknad og demografi ved val av KLP eller eigen pensjonskasse. Saka skal leggjast fram for fellesnemnda til vedtak i løpet av hausten 2018.

2. Fellesnemnda ber om at prosjektleiar legg til rette for medverknad frå tillitsvalte i tråd med avtaleverket. PSU vert styringsgruppe for arbeidet som skal leie fram til ei endeleg sak i fellesnemnda. Innstilling frå partssamansett utval må følgja saka til fellesnemnda.
3. Saka som skal til endeleg handsaming i fellesnemnda må ta stilling til verknadstidspunkt for felles pensjonsordning og må ut frå dette skissere kva vedtak som eventuelt er naudsynt i dei einskilde kommunestyra i etterkant av at fellesnemnda har gjort val om pensjonsordning. Lage prosjektmandat.

Nye føresetnader etter vedtak:

- Ta omsyn til endra lovverk, m.m.
- Vurdere og avklare behov for ekstern kompetanse og finansiering. Avklaringsar må gjerast med prosjektrådmannen.
- Kvalitetssikra tidlegare kartlegging opp mot ny informasjon, mellom anna nye rapportar og lovendringar.

Prosess

Prosjektrådmann vidareførte prosjektgruppa som jobba med saka i 2017, med økonomisjef Svend-Fredrik Untiedt i Fjell som leiar og med Heine Kleppe frå Fjell, Knut Ove Ekren frå Sund og Egil Robert Johansen frå Øygarden som prosjektdeltakarane. Prosjektet ligg under hovudprosjekt Økonomi med Svend-Fredrik Untiedt som prosjektleiar.

Ut frå det som vert bede om i mandatet frå fellesnemnda valde prosjektrådmannen å få utarbeidd ein ny rapport. Grunna tidspress vart dette gjort gjennom eit forenkla anbod der Gabler AS som laga rapport sist og Aon AS vart bede om å gi pris. Aon AS var lågast på pris og fekk oppdraget.

Prosjektet har styrt etter følgjande prosess fastsett i styringsgruppa for prosjektmandat Økonomi:

	VAL AV PENSJONSLEVERANDØR PROSESS
07.11.2018	RAPPORT FRA AON
07.11.2018	RAPPORT SENDT TILLITSVALGTE
16.11.2018	FRIST TILBAKEMELDINGER FRA KLP OG FKP PÅ RAPPORT - OGSÅ SENDT TILLITSVALGTE OG AON
21.11.2018	PRESENTASJON AV AON SIN RAPPORT I DEI 3 KOMMUNANE
28.11.2018	FRIST FOR INNSPILL FRA ORGANISASJONANE TIL RAPPORT OG PRESENTASJON - FØL SAKA OG VURDERT I SAKSHANDSAMINGA
29.11.2018	UTSENDING AV SAK TIL DRØFTINGSMØTE OG OVERORDA STYRINGSGRUPPE
03.12.2018	DRØFTINGSMØTE OG MØTE I OVERORDNA STYRINGSGRUPPE
04.12.2018	UTSENDING AV SAK PSU
11.12.2018	SAK I PSU
17.12.2018	SAK I FELLESNEMNDA

Høyringsinnspel

Som det går fram av tidsplanen over er Fkp og KLP gitt høve til å gi innspel på Aon sin rapport. Ein viser til vedlegg med svar frå desse. Etter Aon sin presentasjon 21.11 for dei tilsette kom det fram spørsmål om brukarerfaringar knytt til dialogen mellom løn/personal og pensjonsleverandørane. Aon har i sin endelege rapport teke med uttale som vart henta inn frå løn/personal i dei tre kommunane. Fkp har fått høve til å svare på det som kom fram her då desse svara ikkje var i tråd med utgangspunkt i opphavleg rapport frå Aon. Fkp sitt svar er vedlagt.

Alle hovudorganisasjonar for tillitsvalde har fått høve til å gi innspel på Aon sin rapport. Samtlege hovudorganisasjonar som har uttalt seg har gått inn for ei forsikra løysing i KLP. Høyringsinnspela er vedlagt saka.

Gabler-rapport

Førebuande fellesnemnd oppretta ei prosjektgruppe med mandat om å sjå på dei økonomiske skilnadene mellom eigen pensjonskasse eller forsikra løysing for den nye kommunen. Rapporten gav eit detaljert kvantitativt bilde på dei økonomiske skilnadene der ein såg på kostnadane i eit historisk perspektiv. Konklusjonen var at med dei føresetnadene som var på det tidspunkt (2017) ville den nye kommunen ha ei økonomisk vinst på 199 mill. over ein periode på 15 år med å halde fram med eigen kasse. KLP hadde merknader til delar av innhaldet i rapporten.

Etter at denne rapporten vart laga er det komme nokre viktige endringar. Aller viktigast er innføring av ny tenestepensjonsordning for offentlig tilsette frå 2020. Dette er grunnlaget for at prosjektrådmannen har valt å få utarbeidd ein ny rapport.

Aon-rapport

Oppdrag

Aon Norway AS har på oppdrag frå Nye Øygarden kommune v/prosjektrådmann utarbeida ein rapport tufta på egne vurderingar.

Føremålet med rapporten er å sjå på om det er mest tenleg for Nye Øygarden kommune å velje FKP eller ein forsikra løysing (i praksis KLP).

Rapporten fokuserer på konkrete økonomiske og finansielle element i eit perspektiv på fem til ti år framover, herunder premie, avkasting, egenkapital og soliditet. I tillegg er det kartlagt medlemsfordelar og service mot administrasjon samt styringsstruktur.

Utgangspunktet er at pensjonsrettane er om lag lik mellom FKP og KLP. Medlemmane skal ha same pensjon uavhengig av val av finansieringsløyising. Nullhypotesen er difor at pensjonskostnadene også er like, med mindre konkrete argument seier noko anna.

Datagrunnlaget som er nytta i Aon AS sine analyser er henta frå KLP, Fkp og data frå offentlege kjelder.

Rapporten inneheld ei demografisk analyse som viser korleis massen av tilsette kan påverke val av pensjonsløyising i den nye kommunen. Det er teke omsyn til effektane av ny offentlig tenestepensjon som trer i kraft frå 2020. Særskilt vil verknaden av alderssamansetnad som einskild faktor verte redusert.

Pensjonskostnader for dei tre kommunane i dag

Nøkkeltal pensjonskostnader

Tabellen under viser nøkkeltal for dei tre kommunane for 2017 kvar for seg og samla.

Nøkkeltal frå regnskapet 2017	Fjell kommune	Sund kommune	Øygarden kommune	Nye Øygarden kommune
<i>Tal i millionar</i>				
Pensjonskostnad i driftsregnskapet	55	26	25	106
Premieinnbetalingar	63	27	24	115
Administrasjonskostnader	8	1	1	10
Akkumulert premieavvik 1.1	95	25	2	122
Premiegrunnlag ca.	501	166	155	821
Pensjonsmidlar 1.1	883	339	314	1 536
Pensjonsforplikting 1.1	976	389	385	1 750
Premiefond 1.1	33	26	3	62
Akkumulert premieavvik i prosent av brutto driftsinntekt 1.1 *	8,4 %	7,8 %	0,7 %	8,0 %
Pensjonskostnad i prosent av grunnlag **	10,9 %	15,9 %	16,35 %	12,9 %
Innbetalt Premie i prosent av grunnlag **	12,7 %	16,6 %	15,6 %	14,0 %
Påløpt premie i prosent av grunnlag (utregna av Aon)	15,8 %	15,8 %	17,6 %	16,2 %
Administrasjonskostnader i prosent av grunnlag **	1,5 %	0,9 %	0,9 %	1,3 %

*Av tabellen går det fram at akkumulert premieavvik i prosent av brutto driftsinntekt er ulik mellom Fjell og Sund på den eine sida, og Øygarden. Dette skuldast ulik praksis på korleis premieavvik vert ført i rekneskapen. Fjell og Sund nyttar amortisering over 15, 10 og 7 år, medan Øygarden nyttar 1 års amortisering.

**Av tabellen går det fram at Pensjonskostnad i prosent av grunnlag og Innbetalt Premie i prosent av grunnlag er ulike for høvesvis Fjell på den eine sida, og Sund og Øygarden på den andre sida. Administrasjonskostnader i prosent av grunnlag vert det motsette.

Omgrep i tabellen

Påløpt premie er utregna/estimert av Aon basert på innhenta materiale frå leverandørane. Påløpt premie i prosent av pensjonsgrunnlaget er storleiken som er mest relevant å nytte som nøytralt grunnlag for samanlikning.

Pensjonskostnad i driftsregnskapet er pensjonskostnad fastsett i samsvar med § 13 i Forskrift om årsrekneskap og årsmelding (for kommunar og fylkeskommunar), inklusive amortisering av tidlegare års premieavvik.

Premieinnbetalingar er summen som er fysisk innbetalt frå kommunen. Dersom innbetalt premie er høgare enn pensjonskostnaden gir det et såkalla premieavvik, som då skal kostnadsførast i seinare år.

Administrasjonskostnader er administrasjonsomkostningar og rentegarantipremie slik dei er oppgitt i rekneskapen.

Akkumulert premieavvik er summen av premieavvik som skal kostnadsførast i kommande år.

Premiegrunnlag er sum pensjongsjevande løn for medlemmane av ordninga.

Pensjonsmidlar er verdien av dei faktisk avsette midlane til framtidige pensjonar.

Pensjonsforpliktelse er verdien av den pensjonen som kommunen skylder sine tilsette.

Premiefond er en konto hos pensjonsleverandøren som kan brukast til å delvis betale påløpt premie.

Dei ulike prosentsatsane viser ovannemnte verdiar i prosent av premiegrunnlaget, for samanlikning, i tillegg til at akkumulert premieavvik er vist i prosent av brutto driftsinntekt (2016).

Utdrag av demografisk analyse

Innleiing

Ei demografisk analyse gir ei god oversikt over bestanden av forsikringar for tilsette i kommunen. Føremålet er å synleggjere korleis demografiske data påverkar pensjonsutgiftene i pensjonsordninga.

I ei forsikra løysning er det leverandøren sine utjamningsfellesskap som har størst påverknad på premien.

Dette gjeld ikkje dersom ein organiserer tenestepensjonsordninga gjennom eigen pensjonskasse. Då vil pensjonspremien (i praksis fordi utjamningsfellesskapet er så lite) berre gjelde eigne tilsette, og kommunen står som sjølvassurandør for dei ulike forsikringstilhøva (uføre-, ektefelle- og barnepensjon).

Totalt har dei tre kommunane til saman i underkant av 4000 oppsette rettar. Kommunane har lite høve til å påverke uttak av oppsett uførepensjon eller særalderspensjon (frå 65 år) for desse tidligare medlemmane.

Oppsummering av nøkkeltal

Her følgjer ein oppstilling av nøkkeltal for Fjell, Sund, Øygarden og fellesordninga i KLP. Aon har prøvd å indikere retninga den einskilde faktor peker i, og kor sterk denne variabelen er i høve til kostnadsutviklinga framover.

Oppdatert per 1. januar 2018	Fjell kommune	Sund kommune	Øygarden kommune	Samlet	KLP Felles (1.1.18)	Retning	Styrke
Antal medlemmer	1 566	547	465	2 578	291 566	-	-
Kvinneandel	79,25 %	87,57 %	80,00 %	81,15 %	75,08 %	KLP	Svak
Snitt aktuell deltid	74,13 %	68,77 %	71,91 %	72,59 %	69,94 %	-	-
Snitt pensjonsgrunnlag	346 717	307 561	344 033	337 925	326 503	-	-
Lønn per årsverk	467 714	447 258	478 415	465 304	466 833	-	-
Snittalder i ordningen	41,87	41,34	42,91	41,94	43,28	Egen	Middels
Snitt fratredelse (vektet aldersgrense)	66,45	66,48	66,30	66,43	66,40	Egen	Svak
Uføreandel total	8,74 %	9,29 %	10,40 %	9,16 %	10,46 %	Egen	Middels

Dei to siste kolonnane viser kva retning og vekt dei ulike faktorane har i høve val av pensjonsløysing. Totalt sett peikar dette i retning eigen kasse med svak til middels styrke.

Omgrep i tabellen

- Kvinneandel viser kor stor del av dei tilsette som er kvinner. Kvinner har noko lengre forventet levetid og høgare tendens til å verte ufør, noko som gir ein litt dyrare premie for kvinner.
- Snitt deltid viser gjennomsnittleg stillingsprosent. Tradisjonelt sett er det relativt mange som jobbar deltid i offentlig sektor.

- Snitt pensjonsgrunnlag viser gjennomsnittleg pensjonsgrunnlag omsynsteke stillingsprosent. Det vil difor avhenge av både snitt deltid, og lønn per årsverk.
- Løn per årsverk er gjennomsnittleg løn per årsverk ved 100 prosent stilling.
- Snittalder i ordninga viser gjennomsnittleg alder for aktive i pensjonsordninga. Det viser òg indirekte gjennomsnittleg tid igjen til pensjonsalder, noko som er ein storkostnadsdriver i den gamle offentlige pensjonsordninga, men er utan verknad i den nye.
- Snitt fråtredelse er uttrykk for gjennomsnittleg pensjonsalder. Dette gjeld berre alderspensjon, og er eit uttrykk for bruk av særaldersgrenser. Nokon stillingar i offentlig sektor har særaldersgrenser som tillet vedkommande å gå av med alderspensjon før 67 år. Til dømes har hjelpepleiar og fagarbeider særaldersgrenser 65 år. Det samordnast ikkje med alderspensjon i folketrygda som slår først inn ved 67 år, og kommunen må difor dekke heile alderspensjonen frem til 67 år. Sjølv små skilnader her kan bety mykje for kostnadane. Det følgjer då også at sjølv små feil i registrering av aldersgrenser vil gjere variabelen upåliteleg.
- Uføredel er definert som tal uføre dividert på tal aktive og uføre. Etter pensjonsreforma i 2015, har del uføre ein mindre verknad for kommunar då den største delen av kostnadene no fell på NAV.

Nærare om snittalder

Det er verdt å merke seg at snittalderen er lågare i Nye Øygarden enn i fellesordninga i KLP. I denne typen analyser har det tidligare vore nytta som eit viktig argument i favør av eigen kasse.

Argumentet er klart svekka av avtalen om ny offentlig tenestepensjon.

AFP – generelt

Ny AFP i kommunal sektor frå 2025 fungerer på same måte som AFP i privat sektor, og er ikkje lengre ein førtidspensjon. Den er ein livsvarig tilleggspensjon på toppen av alderspensjonen, og kan kombinerast fritt med inntekt og å stå i stilling. Andelen som tek ut ny AFP frå 2025 vert vurdert dermed å ligge på nær 100 prosent av dei som kvalifiserer for å ta ut.


I den neste ti-årsperioden er det likevel noko å seie om ein vel KLP eller ei anna løysing. AFP er prinsipielt sett ein ikkje-forsikringsbar yting, og dekkast i prinsippet med midlar direkte ved uttak av AFP. I KLP er det mogleg (men ikkje krav) å gå inn i ein utjamningsordning, som i praksis opplevast som ein fast pris på AFP.

Dersom det var slik at Nye Øygarden kommune venta eit særst høgt uttak av AFP, ville dette kunne vere til hinder for utviding av eigen pensjonskasse.

AFP - kostnadsprognose

Ved å legge til grunn same uttaksprofil framover som det har vore historisk har Aon Norway AS utarbeida ein prognose for framtidige kostnadar basert på dagens uttak i

kvar av dei tre kommunane og samanlikna med fastprisen hos KLP. Her er alle tre kommunar slått saman.



Figur 12 Prognose for framtidige AFP kostnader basert på årskull med gamal AFP modell og dagens uttakshfrekvens i de tre kommunene. Y-aksen viser millioner kroner.

Utrekningane bygger på eksisterande AFP-modell i offentlig tenestepensjon. Årskulla frå og med 1963 vil kunne ta ut ny offentlig AFP frå 2025. Deretter vil det vere 5-6 år med to AFP-modeller før det berre vil vere ny offentlig AFP for medlemmane.

Konklusjonen er at AFP ikkje er til hinder for ei kasseløysing. Prognosen er sensitiv for omorganiseringar som rører ved grupper som kan ta ut AFP og andre hendingar som fører til auka AFP uttak. Det er ikkje opplyst at det er planar som i vesentleg grad kan påverke uttak av AFP i Nye Øygarden kommune.

Uføreutvikling Nye Øygarden kommune

Etter uførereforma (2015) har uføreandel mindre påverknad for økonomien enn tidlegare, særlig der hovudtyngda av dei tilsette har løn på mindre enn seks gonger grunnbeløpet (mai 2017 er 6 G kr. 561 804).

	Fjell	Sund	Øygarden
Andel aktive under 6 G	78 %	83 %	80 %
Snitt pensjonsgrunnlag uføre (hel og delvis)	Kr. 346 717	kr. 307 561	kr. 344 033

På generelt grunnlag er det likevel interessant å sjå på utviklinga.

For tilsette som får innvilga delvis uførepensjon med uføregrad mellom 20 og 50 prosent vil pensjonsyttinga utbetalast i sin heilskap frå tenestepensjonsordninga i FKP eller KLP utan bidrag frå uføretrygd i folketrygda. Folketrygda utbetaler ikkje uføretrygd for grader under 50 prosent. Det er derfor interessant å sjå på bruken av delvise pensjonar under 50 prosent.

For medlemmar med inntekt over 6 G vil tenestepensjonsordninga dekke heile uførepensjonen over 6G, utan bidrag frå uføretrygd i folketrygda.

Fjell kommune har ein noko høgare del tilsette med lønn over 6 G og en lågare del av uføregrader under 50 prosent samanlikna med Sund og Øygarden.

Tabellen under viser nokre karakteristika ved uføreutviklinga i dei tre kommunane som utgjer Nye Øygarden kommune.

	Fjell	Sund	Øygarden
Andel uførepensjonister	8,74 %	9,29 %	10,40 %
Antall	150	56	54
Mannsandel	4,7 %	7,1 %	3,7 %
Kvinneandel	95,3 %	92,9 %	96,3 %
Snittalder kvinner	54,70	56,62	54,00
Snittalder menn	51,62	61,72	63,23
Snitt uføregrad menn	78,6 %	75,0 %	60,0 %
Snitt uføregrad kvinner	80,4 %	73,0 %	74,6 %
Antall med uføregrad < 50	15 / 10 %	18 / 32 %	14 / 26 %
Hendelsesalder menn	48,01	53,74	49,93
Hendelsesalder kvinner	51,57	49,24	46,48

Oppsummering demografisk analyse

Aon si vurdering er at Nye Øygarden kommune har ein demografi som ligg nært opp til gjennomsnittet i KLP.

Den viser svakt i favør av eigen kasse med grunngjeving i noko lågare snittalder, lågare del med særaldersgrense og lågare uføreuttak. På den andre sida ser Aon at det er ein kvinneandel som talar i favør av ei forsikra løysing (KLP).

Lågt uttak av AFP og prognose på framtidig AFP uttak er ikkje til hinder for ei pensjonskasseløysing.


Aon sin konklusjon er at demografi indikerer eigen pensjonskasse.

I sum trur Aon difor at demografien gir moderat lågare premie ved å velje ei kasseløysing framfor ei forsikra løysing (i praksis KLP). Ny offentlig tenestepensjon vil bidra til å dempe dei allereie moderate skilnadane.

Avkastning og soliditet


Fjell kommunale pensjonskasse (FKP) har over tid har oppnådd litt bedre avkastning enn KLP.

Følgjande figur viser både faktisk avkastning frå 2008 til og med 2017 og kumulativ gjennomsnittleg avkastning for same periode. Med kumulativt snitt for 2009 meinast det geometriske snittet for 2008 - 2009, medan for 2010 meinast det geometriske snittet for 2008-2010 og så vidare.



Figur 17 Verdijustert avkastning 2008 – 2017 og kumulativt gjennomsnittlig avkastning.

Følgjande graf viser tilsvarande graf for bokført avkastning (frå 2008).



Figur 18 Bokført avkastning 2008 - 2017 kumulativt gjennomsnittleg avkastning.

Kvalitet i forvaltninga er ein faktor for å oppnå gode avkastningsresultat, men på eit overordna nivå meiner Aon det er liten skilnad i operativ forvaltningsevne. Aon legg til grunn same profesjonalitet både stader. Verdijustert avkastning er det beste uttrykket for dette. Verdijustert avkastning er litt betre hos FKP, og bokført avkastning er svakt betre i ti-årsperioden ved utgangen av 2017. Differansen kan skuldast ein sterkare prioritering av oppbygging av bufferkapital hos FKP.

Tabellen under viser korleis investeringane er fordelt på ulike aktiva-klassar i FKP og KLP.

	31.12.2017 FKP	31.12.2017 KLP
Aksjer	22 %	19 %
Private Equity	5 %	0 %
Eiendom	9 %	12 %
Annet	0 %	3 %
Sum aksjer, eiendom og alternativ	37 %	35 %
Obligasjoner	54 %	46 %
Utlån	0 %	12 %
Pengemarked	9 %	7 %
Sum renter	63 %	65 %

Tabellen illustrerer at Fkp har en noko høgare aksjeeksponering enn KLP.

Fkp har i dag ein akseptabel soliditet. Ein tilførsel av Sund og Øygarden kommunar sine bestander i dagens renteklima vil føre til eit behov for å auke denne soliditetskapitalen minimum proporsjonalt.

I rentesituasjonen i dag gjer at ein bør være varsam med å velje ei løysing som reduserer kassen sin soliditet. Sund og Øygarden kommunar sin bestand bør ikkje flyttast til Fjell kommunale pensjonskasse utan at det vert tilført eigenkapital til Fkp slik at soliditeten ikkje svekkast.

Premiebilde

Faktisk premienivå 2017

Følgjande tabell gir eit bilete av premienivåa for de ulike kommunane i 2017.

Det er teke omsyn til kjente oppgjørselement som er opplyst frå leverandørane, samt opplysningar frå det forsikringstekniske oppgjøret (kontoutskrift) frå 2016 og 2017.

Premier 2017	Fjell kommune FKP	Sund kommune KLP	Øygarden kommune KLP
Lov om forsikringsvirksomhet § 4-5	MNOK % av	MNOK % av PG	MNOK % av PG

Premie for opptjening og risiko	41,5	8,3 %	13,5	8,1 %	13,1	8,4 %
Tillegg for kostnader	11,0	2,2 %	1,7	1,0 %	1,7	1,1 %
Bruttogaranti (§4-5 3.ledd)	-5,1	-1,0 %	2,7	1,7 %	2,6	1,7 %
Reguleringspremie (§4-5, 2.ledd)	25,6	5,1 %	6,0	3,6 %	7,5	4,9 %
AFP	6,4	1,3 %	2,3	1,4 %	2,5	1,6 %
SUM	79,3	15,8 %	26,2	15,8 %	27,4	17,6 %

Figur 19 Premie for 2017 for de tre kommunane. PG = premiegrunnlag

I sum har Fjell kommune i 2017 ein premie som er lik eller noko lågare enn høvesvis Sund og Øygarden relativt til grunnlaget. Aon si vurdering er at den svake premieskilnaden samsvarar brukbart med dei fundamentale demografiske opplysningane.

Forklaring til premietabellen over:

Premie for opptjening og risiko er den delen av premien som byggjer opp dei tilsette sine rettar år for år, og avheng ein del av bestanden sin demografi.

Tillegg for kostnader for tenester

Summen av administrasjonskostnader og rentegarantipremie. Ein pensjonskasse av moderat storleik har typisk noko høgare administrasjonskostnader enn KLP.

Bruttogaranti er ein premie som representerer ein lang rekke ikkje-forsikringsbare utgifter i ein kommunal pensjonsordning. I KLP er denne ganske jamn og fast medan det for mindre bestander varierer ein del.

Reguleringspremie er premie for å verdiregulere pensjonar og opptente rettar i samsvar med endring i grunnbeløp eller løn.

Atterhald og premievurderingar

Tabellen skal reflektere premieåret 2017 som siste kjende premieår med oppgjørselement.

I vurderinga av premie for 2017 har Aon gjort einskilte skjønsmessige vurderingar fordi motteke oppsett av premie for Fkp ikkje svarer fullstendig til oppsettet vi etterspurte.

Risikoresultat er eit resultat som følgje av at dødelighet og uførhet i perioden avviker frå det som er lagt til grunn i premietariffen. Risikoresultatet for Fjell kommune var negativt med kr 7,8 mill. i 2017. Dette er premieelement som i ein forsikra løysing ville blitt belasta kommunen gjennom oppgjørselement i kontoutskrifta for gjeldande premieår. I 2017 vel Fjell kommune pensjonskasse å belaste eigenkapitalen. Premieinnbetaling skal tilleggast arbeidsgjevaravgift. Kommunen har med Fkp ein fleksibilitet til sjølv å velje å gjere denne belastninga mot eigenkapital slik det blir gjort i 2017.

Premieelement	Gjennomsnitt 2013-2017	2017	2016	2015	2014	2013
Bruttogarantipremie (Fjell kommune)	- 1 179 142	- 5 088 531	1 290	418 142	482 512	- 2 998 395

Bruttogarantipremie (hele pensjonskassen)	- 1 199 111	- 5 183 792	1 318	427 291	490 287	- 3 047 489
Risikoresultat (hele pensjonskassen) *	1 398 554	- 7 937 274	- 1 618 033	- 3 807 172	14 862 545	5 492 707

* Risikoresultatet for 2014 inkluderer kr. 10,6 mill. som er frigjort på grunn av innføring av nytt regelverk for uførepensjon i offentlig tenestepensjon. Utan dette ville gjennomsnittet vært minus kr. 733 000.

Estimert premienivå for hele nye Øygarden i 2017

Følgjande tabell gir et bilete av kva premien ville ha vore i 2017 dersom alle tre kommunane var i KLP og dersom alle tre kommunane var i pensjonskassen.

Premienivået er i dette tilfelle eit estimat utført av Aon.

Premier 2017	Nye Øygarden kommune som KLP		Nye Øygarden kommune som FKP	
Lov om forsikringsvirksomhet § 4-5	MNOK	% av PG	MNOK	% av PG
Premie for opptjening og risiko	70,6	8,6 %	68,0	8,3 %
Tillegg for kostnader	8,6	1,0 %	16,4	2,0 %
Bruttogaranti (§4-5 3.ledd)	14,0	1,7 %	0,3	0,0 %
Reguleringspremie (§4-5, 2.ledd)	33,6	4,1 %	39,1	4,8 %
AFP	12,6	1,5 %	11,1	1,4 %
SUM	139,4	17,0 %	134,9	16,4 %

Figur 20 Premie rekna for Nye Øygarden i KLP og i pensjonskassen for premieåret 2017.

Vurdering av framtidig premie

Aon legg til grunn at det er i dag ei føremon ved å være i FKP på omtrent 4-5 millionar kroner basert på 2017 tall. En stor del av skilnaden kan forklarast med bruttogarantien som vil kunne svinge mykje frå år til år. Aon vel å vere tru mot premieåret 2017 ved utforming av tabellen.

Aon vurderer at for bruttopremien og risikoresultatet i vurderinga på dette premieelementet ville den samla premien for Nye Øygarden kommune i pensjonskassen berre vore marginalt i underkant av premien i KLP.

Den påreknelege delen av skilnaden (premie for opptjening og risiko) vil vere i området 2-3 millionar. Utan omsyn til endringar i offentlig tenestepensjon er dette ein skilnad som det er grunn til å tru at vil halde fram.

Med dei endringane som partane kom fram til 3.mars, og godkjend i uravstemming, er det Aon si vurdering at premiane vil konvergere mot å bli nøytrale i ein ti-årsperiode frå om lag 2020.

Eingongseffektar – kapitalbinding, frigjering av midlar og tilgang til verdiar

Samling i Fjell kommunale pensjonskasse (Fkp)

Dersom Nye Øygarden kommune vel ei løysing der Nye Øygarden kommune er i Fkp vil det vere eit finansieringsbehov på om lag 135 mill. for å flytte bestanden til Sund og Øygarden til Fkp. Basert på utrekningane i tabellen vurderer Aon at det kan finansierast med om lag 102 mill. i flyttbar kapital frå KLP. Netto kapitalbehov vil vere 33 mill.

Ved opphøyr av avtalene i KLP for Sund og Øygarden vil det difor vere ikkje-flyttbar kapital igjen i KLP på omlag 66 mill. Dette er differansen mellom samla soliditet i KLP (168 mill.) og flyttbar soliditetskaperital i KLP (102 mill.).

Samling i KLP

Dersom Nye Øygarden kommune vel samling i KLP vil det vere naudsynt med eit eigenkapitalinnskott på om lag 25 mill.

I et slikt scenario vil oppløysing av pensjonskassen frigjere midlar i Fkp. Utrekningane viser eit maksimalt potensiale (tal per 31. desember 2017) på 118 mill. Dette omfattar samla soliditet i Fkp sett opp mot Fjell kommune sin del av reserven med fråtrekk av tilleggsavsetjingar og eigenkapitalkravet til KLP.

Å oppnå maksimalt potensiale er ein tidskrevjande prosess gjennom ein lang overgangsperiode. Transaksjonskostnader og avviklingskostnader må det og takast omsyn til.

	Sund kommune	Øygarden kommune		Fjell kommune
Reserve 31.12.2017	300 000 000	305 000 000	FKP totalt Fjell kommune	820 000 000 804 000 000
Kursreguleringsfond -flytteverdi	27 000 000	25 000 000	Kursreguleringsfond	72 000 000
Kursreguleringsfond ikke flyttbart	6 000 000	6 000 000		-
Tilleggsavsetninger flytteverdi	13 000 000	17 000 000	Tilleggsavsetningar	37 000 000
HTF (hold til forfall) merverdi ikke flytt	8 000 000	8 000 000		-
Egenkapital flyttbar	10 000 000	10 000 000	Innskutt eigenkapital	51 000 000
Egenkapital ikke flyttbar	10 000 000	10 000 000	Opptent eigenkapital, inkl. RUF	24 000 000
Annen soliditetskaperital, ikke flyttbar	9 000 000	9 000 000		
Samlet soliditet KLP 31.12.2017	83 000 000	85 000 000	Samla soliditet FKP 31.12.2017	184 000 000
Flyttbar soliditetskaperital KLP 31.12.17	50 000 000	52 000 000	Eigenkapitalkrav KLP	
Behov for økt soliditetskaperital FKP				25 000 000

	135 000 000			
Netto finansieringsbehov	33 000 000		Maks potensiale for frigjøring	118 000 000

Figur 21 Engangseffekter ved samling i FKP eller KLP beregnet per 31. desember 2017

Vesentlege administrative og strukturelle skilnader

Innleiing

Det vert vist til vedlegg som viser formelle styringsstrukturar i Fkp og KLP. Nye Øygarden kommune vil ha noko påverknad i begge strukturer, men mest påverknad i eigen kasse.

Finansiell fleksibilitet

Ein eigen pensjonskasse skal treffe avgjerder ut frå kva som tener pensjonskassen sine interesser og føremål best, den er slik sett både formelt og reelt uavhengig av sponsorføretaka. Føremålet er å yte pensjon.

Bruk av pensjonskassen sine midlar i strid med formåla, sjølv om det elles skulle vere til gunst for lokalsamfunnet, ville vere vedtektsstridig. Det einskilde styremedlem er ansvarlig for å treffe avgjersler etter beste evne i samsvar med dette.

Det kan likevel vere situasjonar der pensjonskassen sitt føremon samsvarar med lokale samfunnsnyttige formål, der pensjonskassen vert kompensert minst på line med tilsvarande investeringar i marknaden , og at det ikkje aukar risikoen vesentleg.

Alternative løysingar i Nye Øygarden kommune

Løysning 1: Fjell til KLP

Ved flytting av Fjell kommune si portefølje til KLP vil det vere naudsynt med eit eigenkapitalinnskot på om lag 25 mill., samt ei årleg innkalling på høvesvis 2,8 mill.

Etter ein lang overgangsperiode vil det truleg la seg gjere å løyse opp pensjonskassen i eit slikt scenario. Dette frigjer kassen sin eigenkapital. Transaksjonskostnader ved sal av mindre likvide aktiva kjem til frådrag. Dette kan gjelde til dømes eigedomar. Andre avviklingskostnader kjem og til frådrag. Summen kan soleis verte mykje mindre. Det fell utanfor rapporten å skildre ein optimal prosess for oppløysing.

Det kan også verte naudsynt med tilskot av pensjonsmidlar ved ei flytting av bestanden, dette har Aon ikkje nøyaktige opplysingar om på det noverande tidspunkt, men det kan skuldast til dømes historiske avvik i registreringspraksis.

Premien vil omgåande gå noko opp, med høvesvis 4-5 millionar kroner årlig. På 3-5 års sikt vil truleg skilnaden etter Aon sitt syn utlikne seg, hovudsakleg grunngjeve i overgang til ny offentlig tenestepensjon frå 2020.

Ved oppløysing av pensjonskassen må dei andre medlemsbedrifter i Fkp varslast og få moglegheit til å velje annen pensjonsleverandør for sine pensjonsavtaler.

Skisse til tidslinje – flytting;

Dersom en vel å overføre Fjell kommunes pensjonsordning til KLP ved hjelp av flytteregelverket (forsikringsvirksomhetsloven kapittel 6), gjeld loven sine fristar, samt at HTA i KS-området inneheld relevante fristar i TPO-vedtektenes §14-1 a. Oppseiing av dagens avtale skal skje innan 30. september 2019 for flytting 1. januar 2020. Forut for oppseiing skal det og gjennomførast formelle drøftingar «tidligst mulig», jfr. HTA 2.1.10.

Aon reknar med at KLP kan motta Fkp sin bestand utan større praktiske problem. Det vert tilrådd å gjennomføre ein grundig kvalitetskontroll av medlemshistorikk forut for endelig avgjersle.

Overføring ved hjelp av porteføljeoverdraging eller andre metodar fell utanfor rapporten å skildre i detalj. Felles for desse metodane er at flytteregelverkets fristar ikkje kjem i bruk, og at overdraginga skal godkjennast av Kongen i statsråd.

Løysing 2: Sund og Øygarden til Fkp

Basert på Fkp sitt årsrekneskap for 2017, og eit prinsipp som seier at det skal vere ein proporsjonalt like stor soliditetskapital som Fkp har i dag, må det skytast inn eigenkapital eller bufferkapital på om lag 135 mill. Av dette legg Aon til grunn at det kan finansierast med om lag 102 mill. i flyttbar kapital frå KLP.

Eigenkapitalen kan skytast inn som ein miks av fast eigendom og kontantar etter nærare dialog med Finanstilsynet. Ved innskot av eigedom kjem dokumentavgift i tillegg. Ein mogleg årleg tilførsel må avklarast med Fkp.

Skisse til tidslinje – flytting;

Dersom ein vel å overføre Sund og Øygarden kommunar sine pensjonsordningar til Fkp ved hjelp av flytteregelverket (forsikringsvirksomhetsloven kapittel 6), gjeld loven sine fristar, samt at HTA i KS-området inneheld relevante fristar i TPO-vedtektenes §14-1 a. Oppseiing av dagens avtale skal skje innan 30. september 2019 for flytting 1. januar 2020. Forut for oppseiing skal det og gjennomførast formelle drøftingar «tidligst mulig», jfr. HTA 2.1.10.

Aon legg til grunn at FKP kan motta bestandene utan større praktiske problem. Det er likevel alltid å tilrå å gjennomføre ei grundig kvalitetskontroll av medlemshistorikk forut for endelig avgjersle.

Styringsstruktur forskjell

Styringsstrukturen i KLP og Fkp er ulik. Dette skuldast at Fkp er eit aksjeselskap der Fjell kommune eig 100 %. KLP er eit gjensidig selskap eigd av medlemmane som har pensjonsordning i selskapet. Viser til Aon sin rapport der dette er omtalt.

Oppsummering AON rapport

Rapporten frå Aon definerer ulike kriterar og gjev ei kvalitativ vurdering på kvart av desse. Kriteria følgjer av tabellen under.

Tabellen under vart presentert på møta som Aon hadde med dei tilsette i dei tre kommunane 21.11.18.

Pensjonskasse eller forsikret løsning?			
	Pensjonskasse	KLP	
Ansattes rettigheter	Likt	Likt	ok 
Premie	Egen premie	Utjevnet premie	ulikt 
Forsikringsrisiko	Egen risiko	Utjevnet/forsikret risiko	ulikt 
Service	Tilpasset service	Standard service	Ulikt 
Kostnader	Typisk litt høyere kostnader	Stordriftsfordel	Ulikt 
Kapitalforvaltning	Kjøper av profesjonelle miljøer (for eksempel KLP)	Har eget profesjonelt miljø	Nokså likt 
Ansvar for soliditet	Egen	Solidarisk ansvar	Ulikt 
Tilleggsgoder	Pakke i Storebrand (pensjonskasseforeningen)	KLPs pakke av ansattegoder	Ulikt 
Fleksibel investeringsmuligheter av egenkapital	Kassen kan i visse tilfeller investere til fordel for lokalsamfunnet dersom det ellers gir konkurransedyktig avkastning	Ikke mulig	Ulikt 
Operativ risiko	Noe høyere (savner beredskapsplan)		Ulikt 

Vekting

Aon har gjort ei samanstilling av dei ulike kriteria som er grunnlaget for Aon sin konklusjon.

Punktvisе argumenter

Argumenter for kasse (FKP) (foreslått løsning)	Argumenter for forsikret løsning (KLP)
- Noe lavere premie i dag (2017), - Fysisk nærhet for arbeidsgiver og medlem, dersom dette utnyttes på bedre måte en tilfelle er i dag - HR-tiltak som gir redusert sykefravær og uferhet gir noe større direkte belønning - Fleksibilitet når det gjelder å investere kassens egenkapital til samfunnsnyttige formål lokalt	- Må ikke tilføre pensjonskassen ekstra kapital i størrelsesorden 35 millioner (per 31. desember 2017) - Pensjonskassens (FKP) kapital frigjøres over tid - Lavere administrasjonskostnader - Noe lavere operativ risiko og sårbarhet

Vurdering:

Vurdering frå hovudprosjekt Økonomi:

Vurderinga er basert på rapport frå Aon, innspel frå Fkp, KLP og høyringssvar frå organisasjonane. I tillegg er det teke omsyn til innspel som kom fram på informasjonsmøta med dei tilsette.

Tre perspektiv å sjå dette ut i frå:

- Økonomisk perspektiv for den nye kommunen
- Organisasjonane som i varetek dei tilsette sitt perspektiv
- Arbeidsgjevar perspektiv som i varetek begge perspektiva.

Alternativ 1 – Nye Øygarden kommune går til KLP og FKP vert avvikla

Økonomisk perspektiv:

- Rapporten viser premienivået vil vere 4-5 mill. høgare årlig i høve alternativ i Fkp. På 3-5 års sikt er det vurdert at skilnaden vil utlikne seg, hovudsakleg grunngjeve i overgang til ny offentlig tenestepensjon frå 2020.
- Ved flytting av Fjell kommune sin portefølje til KLP vil det vere naudsynt med eit eigenkapitalinnskott på om lag 25 mill., samt ei årlig innkalling på anslagsvis 2,8 mill.
- Etter ein lengre overgangsperiode vil det truleg la seg gjere å oppløyse pensjonskassen i eit slikt scenario, noko som teoretisk løyser ut kassens eigenkapital. Transaksjonskostnader ved sal av mindre likvide aktiva kommer til frådrag.
- I eit slikt scenario vil oppløysing av pensjonskassen skape ei frigjering av midlar i Fkp. Utrekningane viser eit maksimalt potensiale (tal per 31. desember 2017) på 118 mill. Dette omfattar samla soliditet i Fkp sett opp mot Fjell kommune sin del av reserven minus tilleggsavsetningar og eigenkapitalkravet til KLP.

Tilsette perspektiv:

- Gode nettbaserte løysingar
- Nærleik og lett tilgjengelege tenester
- Opplevd god kompetanse på komplekse pensjonsløyser
- Konkurransperspektivet i pensjonsmarknaden er ikkje relevant for tilsette
- Opplevd tryggleik med forsikra løysingar i eit stort fellesskap
- Gode produkt på lån og forsikring og medlemsfordelar
- God og jamn informasjon om endringar og nyhende
- Høg kvalitet på individuell rådgeving

Arbeidsgjevar perspektiv :

- Høg kvalitet på rettleiing og oppfølging til arbeidsgjevar
- Årlege møter med kommuneleiinga
- God responstid
- Tilbod om kurs
- Ulike tilskotordningar til dømes Ou-midlar
- Gode systemløyser
- Ein leverandør for alle tilsette utanom lærarar

Alternativ 2 – Nye Øygarden kommune går til Fkp og medlemsskapet i fellesordninga i KLP vert avvikla

Økonomisk perspektiv:

- Rapporten viser til at premienivået vil vere noko lågare, anslagsvis 4-5 mill. årleg i høve alternativ i KLP. På 3-5 års sikt er det vurdert at skilnaden vil utlikne seg, hovudsakleg grunna overgang til ny offentlig tenestepensjon frå 2020.
- Ved flytting av Sund og Øygarden sine porteføljer til Fkp vil det vere naudsynt med eit netto eigenkapitalinnskott på om lag 33 mill. Dette kan finansierast ved tinginnskott og/eller kontantar.
- Ein slepp å avvikle Fkp med påfølgjande prosess.

Tilsette perspektiv:

- Fkp har ein lågare opplevd kvalitet på service
- Det er reist spørsmål om Fkp si nærleik på rådhuset er eit viktig argument
- Opplevd manglande kompetanse på komplekse pensjonsløyisingar
- Konkurransperspektivet i pensjonsmarknaden er ikkje relevant for tilsette
- Opplevt mindre tryggleik med eigen kasse
- Gode produkt på lån og forsikring og medlemsfordelar
- For lite tilgjengeleg informasjon om endringar og nyhende

Arbeidsgjevar perspektiv :

- Ikkje god nok kvalitet på rettleiing og oppfølging til arbeidsgjevar
- Ikkje møter med samla kommuneleiing
- Variabel responstid
- Færre tilbod om kurs
- Færre tilskotsordningar
- Potensiale i fysisk nærleik

Konklusjon

Basert på kulepunkta over kan det oppsummerast at det i eit økonomisk perspektiv, på kort sikt, vil vere økonomisk fordelaktig å ha eigen kasse for den nye kommunen. I eit lengre perspektiv er dei økonomiske fordelane meir usikre.

I eit tilsette- og arbeidsgjevarperspektiv er det klare indikasjonar i favør KLP som pensjonsleverandør.

Tilråding frå gruppa

På bakgrunn av konklusjonen over tilrår fleirtalet i hovudprosjekt Økonomi alternativ 1). Prosjektrådmannen har ikkje teke del i utarbeiding av konklusjon og tilråding i sakaarbeidet med denne saka

Prosjektrådmannen sine vurderingar

Proessen har følgd planen som er skissert i saka. Det vart først tinga ein ny rapport frå Aon AS som uavhengig kjelde for å sikre oppdaterte data i høve demografi og nye reglar for offentlig tenestepensjon. Vidare er det prosjektrådmannen sitt syn at det er lagt særskilt godt til rette for god informasjon til tilsette og brei medverknad frå dei tillitsvalde. Rapporten frå Aon AS vart sendt dei tillitsvalde straks den låg føre, og deretter vart det gjennomført kommunevise informasjonsmøter med dei tilsette. Det har vore opna for innspel frå tilsette via organisasjonane. Innspel ligg som vedlegg til saka. Saka har vore drøfta med dei

hovudtillitsvalde (HTV), og resultatet frå drøftingsmøtet vart at 10 HTV-ar røysta for ei løysing med KLP og 1 røysta for eigen kasse. I overordna styringsgruppe røysta 9 medlemmer for KLP og 1 røysta for eigen kasse. Prosjektrådmannen har ikkje delteke under voteringane.

Resultatet av handsaminga i drøftingsmøtet og i overordna styringsgruppe taler soleis klart i favør av forsikra løysing i KLP.

Saka skal vidare til handsaming i partssamansett utval og til endeleg avgjerd i fellesnemnda.

Sak om val av pensjonsleverandør er ei kompleks og vanskeleg sak å ta avgjerd i fordi det uansett vil bryte med godt etablerte og opparbeidd praksis og strukturar. Prosjektrådmannen meiner at det lagt vinn på at saka som no ligg føre er godt gjennomarbeidd og opplyst. Vidare er det rådmannen sitt syn at prosessen fram til saka no ligg føre har vore god, trass knappe tidsfristar.

I saka kan ein argumentere godt for begge løysingar. Dei tilsette sine pensjonsrettar vert ikkje påverka av om ein veljar eigen kasse eller KLP. Det er avtaleverket som regulerer den einskilde sine rettar.

Både val av eigen pensjonskasse og val av KLP har sine føremonar og ulemper som det er gjort greie for i saka.

Perspektiv - økonomi:

I høve premiebilete og avkastning kan eigen kasse på den eine sida framstå som marginalt (om lag 4 – 5 mill. første året) betre enn val av KLP i eit 3-5 års perspektiv, men etter dette er bilete meir uklart og vil sannsynlegvis verte utlikna. Nye Øygarden kommune har ein demografi som ligg nært opp til gjennomsnittet i KLP, og er ein viktig faktor for å avgjere om kommunen er best tent med fellesløysning eller eigen kasse. Dei økonomiske eingongseffektane går på den andre sida meir i favør av KLP grunna frigjering av kapital i Fkp og lågare eigenkapitalinnskot. Potensialet ved å gå inn i KLP er skissert til maksimalt 118 mill. som då vert redusert med eit eigenkapitalinnskot på 25 mill. Med det økonomiske framtidsbilete ein ser for seg no, ref. orientering i fellesnemnda 19.11.2018 om «skuggebudsjet», så må argumentet om frigjering av kapital tilleggast vekt.

Perspektiv – tilsette:

Alle organisasjonane som har gjeve høyringsuttale går inn for alternativet med KLP. Prosjektrådmannen registrerer og at det er tydelege attendemeldingar frå dei tillitsvalde og tilsette i alle tre kommunane om at KLP er klart å føretrekke.

Perspektiv – arbeidsgjevar:

KLP har synt at dei har høg kvalitet og oppfølging mot arbeidsgjevar samt gode digitale framtidsretta løysingar.

Prosjektrådmannen kjem såleis med følgjande innstilling:

1. Ut frå ei totalvurdering tilrår prosjektrådmannen alternativ 1) ei forsikra løysing i KLP.

2. Prosjektrådmannen kjem attende med konkrete framlegg til vedtak i dei respektive kommunestyra og orientering om vidare prosessar etter at fellesnemnda har gjort endeleg vedtak i saka.

Pensjonsanalyse for

Kommunene Fjell, Sund og Øygarden

Versjon 1.4 Endelig

31. mai 2017

Innholdsfortegnelse:

1	Oppsummering og konklusjoner	2
1.1	Pensjonsmidler.....	3
1.2	Avkastning i Fjell Kommunale pensjonskasse	4
2	Finansiell sammenligning	4
2.1	Premie for årets pensjonsopptjening.....	5
2.2	Administrasjonskostnader	7
2.3	Rentegarantipremie.....	8
2.4	Egenkapital til KLP	8
2.5	Selskapsbuffer i KLP	9
2.6	Flytting til KLP	10
2.7	Frigjøring av kapital og fremtidige kostnader	11
3	Tekniske detaljer	13
3.1	Om nivået på bufferkapital	13
3.2	Om kursreserver	13
3.3	Merverdi på obligasjoner som holdes til forfall (HTF-reserve)	14
3.4	Finansieringsforpliktelser i en fellesordning	14
3.5	Demografi basert på Gabler indekser grunnlag for «Normalpremie»	15
Rapporten oppsummerer med at det *"fremstår som relativt jevnt i det lange løp om en utvider pensjonskassen eller velger KLP"*. Det er imidlertid betydelige forskjeller i behovet for investeringer ved en utvidelse av pensjonskassen i forhold til muligheten til å realisere midler ved utvidelse av kundeforholdet i KLP. Dette burde kommet mye tydeligere fram.

Vår sterkeste innvending til rapporten er at det fremstår uklart hvilke kriterier rapportens konklusjon bygger på og hvilke vekt de ulike kriteriene er tillagt.

Engangseffektene (dersom flytting per 31.12.2017) ved de to alternativene:

Samlet i Egen pensjonskasse		Samlet i KLP	
Tilføre egenkapital (i henhold til anbefaling s.2)	-35 MNOK	Frigjøre egenkapital (etter innskudd i KLP)	45 MNOK
		Realisere midler til premiefondet	76 MNOK
Sum anslått innskudd	- 35 MNOK	Sum frigjøring egenkapital og realisert til premiefond	121 MNOK

Et fortrinn som nevenes ved KLP er at man slipper å tilføre pensjonskassen 35 millioner i ekstra kapital. Sammendraget utelater at det per 31.12.2017 ville blitt frigjort vel 45 millioner kroner av egenkapitalen og realisert vel 76 millioner kroner til premiefondet.

Midler tilført kommunens premiefond kan som kjent benyttes til premiebetaling og dermed bidra til å redusere kommunens akkumulerte premieavvik som er opparbeidet fra år 2002. Bruken av premiefond bør dog vurderes i en bredere sammenheng.

Ut over dette mener vi at det også er relevant å ta med at kommunen ved å benytte KLP nyter godt av en risikokapital på vel 140 millioner (vurdert per 31.12.2017). Dette er midler som medvirker til at kommunen kan frigjøre egen bufferkapital til sitt premiefond og benytte dette til premiebetaling.

Mer komplisert regelverk fremover

Et annet fortrinn som nevenes ved KLP er lavere administrasjonskostnader og lavere operativ risiko og sårbarhet. Dette er forhold som vil bli mer vesentlig fremover og som vil påvirke de løpende kostnadene til Nye Øygarden kommune.

Vi mener det med fordel kunne blitt lagt mer vekt på hvor vanskelig det blir for både arbeidsgiver og arbeidstagere å forholde seg til ikke bare gamle regler, men nå også en ny offentlig tjenstepensjon med kompliserte overgangsregler. Behovet for informasjon har aldri vært større.

Det blir derfor ikke bare et spørsmål om hva administrasjon av pensjonsordningen koster, men i aller høyeste grad også et spørsmål om hva man får for dette beløpet i form av systemløsninger, rådgivning og informasjon. Hvilke konsekvenser har valg av leverandør på disse forhold og hvordan er dette vektlagt?

KLP vier endringene stor oppmerksomhet og investerer betydelig for å kunne levere gode og effektive løsninger også fremover.

I forhold til service vil vi ikke avvise at nærhet kan ha en verdi for kommunen, men bildet kunne kanskje vært fremstilt noe mer nyansert. En dimensjon som ikke kommer frem er at KLP betjener allerede Øygarden, Sund og Fjell kommune fra vårt kontor i Bergen (120 medarbeidere/15 minutter unna). Dagens pensjonskasse kjøper med unntak av daglig leder alle sine tjenester eksternt og primært fra Oslo.

Oppsummert


Rapporten vektlegger en marginal premiebesparelse som (om den er reell) i det alt vesentlige ligger forut for det aktuelle sammenslåingstidspunktet 1.1.2020. Samtidig velger den å se bort fra 150 millioner kroner i ulik binding av kapital.

Service og nærhet kan helt klart ha en verdi. Hvilken verdi dette har og om det alene står i forhold til den kapital som bindes, er Nye Øygarden kommune den beste til å vurdere.

Dersom det skulle være spørsmål er det bare å ta kontakt.

Med vennlig hilsen

for **Kommunal Landspensjonskasse**


Jarle Sundt Laastad
direktør

Innspel til høyringa om val av pensjonsleverandør i Nye Øygarden Kommune fra DELTA YS

Val av pensjonsleverandør i nye Øygarden Kommune er eit stort og viktig val.

Pensjon er komplekst med mange reglar, og med ny pensjonsreform kan være vanskeleg for den enkelte tilsette å sette seg inn i egne rettar og eigen pensjon. Rett og tilgjengeleg informasjon er svært viktig for at ein skal kunne kjenne seg trygg på dei val ein skal ta, og ved eventuelle livshendingar som uførhet, om ein mister ektefelle og ved eigen alderdom.

I rapporten fra AON står det at de «antar» at *tilsette og arbeidsgiver i FKP har en noe høgare opplevd verdi av service på grunn av den fysiske nærheten. Den fysiske nærheten legger til rette for et samarbeid mellom HR enheten og pensjonsleverandøren ved forhold som uførhet og sykefravær.*

Delta meiner at dette ikkje kan vektleggast som eit fortrinn da dette er antagelser og ikkje basert på Brukerundersøkelser.

KLP på sin side har et stort kundeapparat som inkluderer et HMS team på 120 personer med spesialkompetanse innanfor fagfeltet, og er stasjonert i Bergen, bare 15 minuttar unna Rådhuset i Fjell. Den enkelte sin moglegheit til å få god og riktig informasjon om ein vel FKP eller KLP meiner Delta må være viktig og relevant i vurderinga av kva løysing som «er mest gunstig». Også sjølvbetjente nettløysingar og andre godar som forsikringar og banktenester vil være viktige moment.

Tilbakemelding fra medlemmer i Fjell Kommune viser også til at KLP verker meir profesjonell. For arbeidsgivar blir det fra KLP utarbeidet profesjonelle aktuarberegninger, disse må i dag kjøpas frå 3. part som er Gabler. I forhold til service er KLP alltid tilgjengelig og har spisskompetanse på de problemstillingar personal og lønnsavdelingen måtte ha.

Delta meiner at den som er best kan ivareta vår Pensjon for Nye Øygarden Kommune derfor er KLP.

Mvh

Anne Grethe Andersen, Delta YS Øygarden Kommune

May Britt Hansen, Delta YS Sund Kommune

Rikard Kvaal, Delta Fjell Kommune

PENSJONSLØYSING FOR NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Høyringsuttale frå Akademikerne i Sund og NITO i Sund og Øygarden kommune

Innleiing

Akademikerne syner til endeleg notat frå AON, datert 26. november 2018, vedlegga med uttale frå personalleiar i Øygarden, Sund og Fjell kommune, i tillegg til uttale/høyringssvar frå Fjell pensjonskasse og KLP.

Pensjon for tilsette i kommunane er regulert i Hovudtariffavtala i KS-området. Organisering og premiesystem er særskilt omhandla i § 2.1.8 og 2.1.10. Vi legg til grunn at pensjonsvilkåra for dei tilsette skal være i tråd med tariffavtala, uavhengig av om ein vel FKP eller KLP.

Akademikerne vil gje uttale til val av pensjonsløyising fordi vi meiner saka er svært viktig for våre medlemmar og potensielt også kan ha konsekvensar for kor attraktiv nye Øygarden kommune vert som arbeidsgjevar.

Val av pensjonsløyising

AON sitt notat er meint å skulle gje eit informasjonsgrunnlag for å fatte avgjerd om kva pensjonsløyising nye Øygarden kommune skal ha. Det går fram av notatet til AON at: *«Formålet med notatet er å belyse overordnet om det er mest gunstig for Nye Øygarden kommune å velge FKP eller en forsikret løsning (i praksis KLP).»* For å kunne vurdere kva som er «mest gunstig» må ein ha tydelege variablar å vurdere saka ut frå.

Akademikerne vil i den samanheng peike på at val av pensjonsløyising har direkte konsekvensar for dei tilsette, dei pensjonsløyisinga er meint å ivareta. Vidare har val av pensjonsløyising konsekvensar for kommunens økonomi og ressursbruk. Val av pensjonsløyising har også konsekvensar med omsyn til operasjonell risiko og sårbarheit.

Akademikerne meiner at variablar knytt til desse hovudmomenta må vurderast når ein skal velje pensjonsleverandør for den nye storkommunen. Viktige argument til fordel for kommunesamanslåing, som stordriftsfordelar og meir robuste kompetanse- og fagmiljø, vil også være moment som også gjer seg gjeldande i val av pensjonsleverandør.

Tilbodet til dei tilsette

Tenestepensjon er komplekst, og det kan være vanskeleg for den enkelte å sette seg inn i eigne rettar og eigen pensjon. Rett og tilgjengeleg informasjon er svært viktig for at ein skal kunne kjenne seg trygg ved eventuelle livshendingar som uførhet, tap av ektefelle og ved eigen alderdom. Den enkelte sin moglegheit til å få god og riktig informasjon om ein vel FKP eller KLP vil være relevant i vurderinga av kva løyising som *«er mest gunstig»*. Også sjølvbetjente nettløyisingar og tilleggsgode (som forsikringar og banktenester) vil være viktig i denne samanhengen.

Når ein les uttaler frå personalsjefane i dei tre kommunane styrker dette biletet av at pensjon er eit komplekst område som krev spisskompetanse.

Når det gjeld service til den enkelte tilsett vert nærleik mellom arbeidsgjevar og tilsett trekt fram som eit moment for å velje pensjonskasseløysing i AON sitt notat, under føresetnad av at dette vert utnytta betre enn i dag. Ein ser her heilt vekk frå at KLP har betjent kontor i Bergen som er open for medlemmane, medan svært mykje av kontakten mellom medlem eller personalkontor og FKP må gå gjennom Storebrand Pensjonstjenester AS som har sitt kontor i Oslo. Vidare har ein ikkje lagt vekt på personalsjefen i Fjell si uttale, der det går fram at: «Nærhet som en fordel for å velge FKP kjenner vi oss ikke igjen i.». Vidare går det fram at «Både lønnsavdelingen og personalavdelingen opplever at KLP og SPK vil være et bedre valg enn FKP.»

Vi er samd med AON om at nærleik er eit relevant moment i vurderinga for å velje pensjonsløysing. Men i ljøs av tilbodet frå kontoret i Bergen så vert KLP det beste løysinga. I dag er ein tilgjengeleg og nær løysing den som har ei tilfredsstillande nettbasert løysing. Også her står løysinga frå KLP sterkast. Vi støttar med andre ord ikkje konklusjonen til AON om kven som er best her, og her følger ikkje tilgjengeleg informasjon saman med konklusjonen i notatet.

Personalsjefane i Øygarden og Sund kommune kan syne til god samhandling med KLP, høg grad av profesjonalitet og kompetanse, at dei sjølvbetjente løysingane er av høg kvalitet. Når det gjeld medlemsfordelar elles er vår vurdering at desse er klårt best i KLP.

Det er eit ønskje om at nye Øygarden kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass. Det er etter Akademikerne sin vurdering kritisk at kommunen vert attraktiv for ny kompetanse. Ei god pensjonsordning er i så måte viktig saman med andre moment. Når vi kan by på ein kjend, nasjonal og velfungerande pensjonsordning så vil det styrke Øygarden kommune som ein attraktiv arbeidsplass.

AON peikar på at nærleik må utnyttast betre enn i dag for at dette skal være eit moment for å velje pensjonskasse, men det er uklårt kva dette vil innebære av endringar og kva kostnader som vil knytte seg til desse.

Driftskostnader

Rapporten til AON syner at det allereie i dag er klart høgare kostnader i Fjell kommunale pensjonskasse enn i KLP. Sjølv om ein justerer for lågare premie i FKP på mellom 2 til 5 000 000 vil kostnadane med ei lokal ordning vere klårt mykje høgare.

Den nye pensjonsordninga som trer i kraft frå 2020 vil gjere eventuelle premieforskjellar mellom KLP og ei lokal pensjonskasse stadig mindre, samstundes som ordninga vil medføre eit stort behov for å utvikle nye system og byggje opp kunnskap om ei ordning som vert enda meir kompleks enn i dag. Kostnadane ved ei slik kompetanse- og systemoppgradering gjer at ein må forvente at administrasjonskostnadane vert høgare enn på dagens nivå.

KLP er det største interkommunale fellesskapet innafor pensjon, noko som gjev langt betre føresetnader for å oppgradere og investere i naudsynte system og kompetanse. For ein mindre aktør som ei lokal pensjonskasse vil ein være meir sårbar for slike endringar.

Vidare vil alder- og AFP-uttak få til dels mindre og andre konsekvensar med den nye ordninga. I ein overgangsperiode vil ei pensjonskasseløysing være svært sårbar for auka AFP-uttak, då dette kan gje

auka kostnader for pensjonskassen. Akademikerne meiner det er liten grunn for ein kommune å ta på seg denne risikoen.

Det kan også nemnast at ein av grunnane som kanskje medverka til at ein vurderte det som gunstig å etablere pensjonskasse i Fjell i si tid, nemleg lågt uføreuttak, er blitt vesentleg endra med uførereforma frå 2015. Lågt uføreuttak gjev ikkje lenger økonomisk utteljing for ei pensjonskasse.

Sjølv om lågare driftskostnader er trekt fram som argument til fordel for ei forsikra løysing i AON sitt notat, har ein ikkje vekta dette momentet særskild tungt. Her har ein vekta lågare premie i 2017 til fordel for pensjonskasse som om dette var likeverdige moment.

Tilbakemeldingar om at pensjonskasseløysinga i større grad legg beslag på personal- og økonomikontoret sine personalressursar enn KLP og SPK, er heller ikkje eit uvesentleg moment for den nye storkommunen.

Eigenkapital

Notatet til AON syner at når ein må utvide ei pensjonskasseløysing med dei tilsette frå Øygarden og Sund, må ein minst gå inn med nye kr 35 000 000,- i eigenkapital, i tillegg til dei pengane som vert ført over frå KLP. Det er usikre faktorar knytt til kor mykje kapital ein faktisk må gå inn med. Mellom anna kan renteutviklinga og kor store midlar som kan overførast frå KLP endre dette bilete. AON skriv vidare at dersom ein ønskjer høgare avkastning/risiko, vil ytterlegare eigenkapital måtte skaffast fram.

Det er betydelege forskjellar når det gjeld behovet for å investere om ein vel pensjonskasse eller KLP, der pensjonskasse vil vere den løysinga som bind opp mest kapital. Dersom ein vel å løyse opp pensjonskassen vil nye Øygarden kommune få frigjort/realisert midlar. Dette siste momentet er etter vår vurdering underkommunisert i notatet.

I framlegg til etisk reglement for nye Øygarden kommune vert det peika på det ansvar kommunen har for å forvaltar samfunnet sine fellesmidlar, slik at innbyggjarane får tillit til kommunen som tenesteytar, som forvaltningsmynde og som arbeidsgjevar. Det er grunn til å spørje om ei slik kapitalbinding som pensjonskasseløysinga krev er ein god måte å forvalte kommunen sine midlar/lånekapasitet på, i ei tid som ser ut til å bli økonomisk krevjande for den nye storkommunen.

Operativ risiko og sårbarheit

I AON sitt notat er det peika på at eigen pensjonskasseløysing har ein høgare operativ risiko og sårbarheit enn ei forsikra løysing. Vi finn ikkje at dette er utdjupa i notatet, men i informasjonsmøtet var deira klare råd at ein må setje i verk tiltak for å gjere dagens løysing mindre sårbar for uføresette hendingar.

Det er også andre risikomoment som er skildra ovanfor knytt til renteutvikling, auka AFP-uttak som følge av kommunesamanslåinga, investeringsbehov for oppgradering av system og kompetanse ved overgang til ny pensjonsavtale frå 2020, i tillegg til at faktisk beløp som vil bli overført frå KLP ved avslutting av medlemskap for Sund og Øygarden er uavklart.

Konklusjon

Akademikerne meiner at viktige argumenta til fordel for kommunesamanslåing, som stordriftsfordelar og meir robuste kompetanse- og fagmiljø, også gjer seg gjeldande i val av pensjonsleverandør.

Akademikerne har etter ei totalvurdering av konsekvensar som val av pensjonsleverandør vil få for:

- ✓ tilbod og tryggleik for den enkelte tilsett,
- ✓ driftskostnadar,
- ✓ kapitalbinding og
- ✓ operasjonell risiko- og sårbarheit,

kome fram til at vi vil rå til at kommunen samlar pensjonsordninga i KLP frå 1.1.2020.

Kleppe, Heine

Fra: Margunn Dyrøy <Margunn.Dyroy@oygarden.kommune.no>
Sendt: onsdag 28. november 2018 16:16
Til: Kleppe, Heine
Emne: SV: Val av pensjonsleverandør for Nye Øygarden kommune


Ergoterapeutene, Øygarden, har med bakgrunn i orienteringa som var gitt 21.11.2018, vurdert at KLP er ein betydeleg tryggare, og meir heilheitleg pensjonsleverandør enn det Fjell kommune har i dag. KLP er lett tilgjengeleg gjennom si nettside, og det vil vere enkelt for alle å finne nødvendige opplysningar om det ein treng.

Vi stemmer for KLP som pensjonsleverandør i Nye Øygarden kommune.

Helsing

Margunn Dyrøy
Ergoterapeut
Øygarden kommune

Telefon: 56382000 / 56385455 Mobil: 93243963
E-post: mdy@oygarden.kommune.no



Fra: Kleppe, Heine [<mailto:heine.kleppe@Fjell.Kommune.no>]

Sendt: 23. november 2018 15:13

Til: Hausnes, Lars Sverre; Høyland, Hildegunn; 'viibece.hodnekvam@oygarden.kommune.no'; Martha Landro; Solveig Rong; Alvheim, Anita Røyneberg; Anne-Grethe Andersen; Ormevik, Bente; Ormevik, Bente; Bodil Aleksandersen; Lunde, Einar; 'Else.Glesnes@sund.kommune.no'; Olsen, Cathrine; Wietschorke, Jana; Julie Haugetun Hitsøy; Margunn Dyrøy; 'marius.heldal.hope@gmail.com'; 'MayBritt.Hansen@sund.kommune.no'; 'mona.rabben@sund.kommune.no'; Reidun Nordvik

Kopi: Kvaal, Rikard; Villanger, Trude Erstad; Zandstra, Nina; Lid, Rune (Sund); Untiedt, Svend-Fredrik

Emne: SV: Val av pensjonsleverandør for Nye Øygarden kommune

Hei

Vedlagt følger oppdatert prosess for sak om val av pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune. Det er rapporten frå Aon og tilsvare frå KLP og FKP som er gjenstand for høyringa.

Mvh
Heine Kleppe
Nestleiar økonomi



PENSJONSLØYSING FOR NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Rapporten frå AON er ein grundig rapport.

Vårt fokus er at det først og fremst vert valt ei pensjonsløyising som er best mogeleg for dei tilsette, både på kort og lang sikt. Uansett kva leverandør som vert valt, må det garanterast for at dei tilsette sin pensjon ikkje vert svekka. Utdanningsforbundet tek utgangspunkt i at pensjonsavtalen skal vera i tråd med tariffavtalar.

Rapporten seier at pensjonsrettane er nesten identiske mellom FKP og KLP, og at medlemene dermed skal ha same pensjon uavhengig av finansieringsløyising.

Vi ser at det er samanheng mellom driftskostnader til pensjon og andre kommunale driftskostnader. Utdanningsforbundet meiner at det er viktig å velja den leverandøren som bind opp minst mogeleg av kommunen sine midlar og som deler risiko med dei fleste andre kommunane i landet.

Medlemsfordelane ser ut til å vera attraktive i KLP, både når det gjeld forsikringar, bank og fondssparing.

Vidare vert nærleik nytta som eit argument for å velja FKP. I praksis syner det seg at t.d. rettleiing og råd kjem frå Storebrand Pensjonstjenester A/S.

Vi ser det som ein styrke at KLP òg er pensjonsleverandør i dei fleste andre kommunane i Noreg. Dette gjer at det er noko lågare operativ risiko, i følgje rapporten. Pensjon er komplekst og vil med dei nye reglane som vert innførte, krevja omfattande endringar og system for å imøtekoma dette. KLP er stor og har rutinar og strukturar for å handtera dette best.

Utdanningsforbundet konkluderer med, på bakgrunn av denne argumentasjonen, at KLP som pensjonsleverandør frå 1.1.2020, er det beste alternativet for dei tilsette.

Vibecke Hodnekvam

Htv

Aud Karin Oen

lokallagsleiar

For Utdanningsforbundet i Øygarden

Vibecke Hodnekvam (HTV)

Aud Karin Oen ((lokallagsleiar)



PENSJONSLØYSING FOR NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Rapporten frå AON er ein grundig rapport.

Vårt fokus er at det først og fremst vert valt ei pensjonsløyising som er best mogeleg for dei tilsette, både på kort og lang sikt. Uansett kva leverandør som vert valt, må det garanterast for at dei tilsette sin pensjon ikkje vert svekka. Utdanningsforbundet tek utgangspunkt i at pensjonsavtalen skal vera i tråd med tariffavtalar.

Rapporten seier at pensjonsrettane er nesten identiske mellom FKP og KLP, og at medlemene dermed skal ha same pensjon uavhengig av finansieringsløyising.

Vi ser at det er samanheng mellom driftskostnader til pensjon og andre kommunale driftskostnader. Utdanningsforbundet meiner at det er viktig å velja den leverandøren som bind opp minst mogeleg av kommunen sine midlar og som deler risiko med dei fleste andre kommunane i landet.

Medlemsfordelane ser ut til å vera attraktive i KLP, både når det gjeld forsikringar, bank og fondssparing.

Vidare vert nærleik nytta som eit argument for å velja FKP. I praksis syner det seg at t.d. rettleiing og råd kjem frå Storebrand Pensjonstjenester A/S.

Vi ser det som ein styrke at KLP òg er pensjonsleverandør i dei fleste andre kommunane i Noreg. Dette gjer at det er noko lågare operativ risiko, i følgje rapporten. Pensjon er komplekst og vil med dei nye reglane som vert innførte, krevja omfattande endringar og system for å imøtekoma dette. KLP er stor og har rutinar og strukturar for å handtera dette best.

Utdanningsforbundet konkluderer med, på bakgrunn av denne argumentasjonen, at KLP som pensjonsleverandør frå 1.1.2020, er det beste alternativet for dei tilsette.

For Utdanningsforbundet Sund

Cathrine Olsen (HTV)

Elisabeth Hummelsund (lokallagsleiar)



FAGFORBUNDET

PENSJONSLØYSING FOR NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Innleiing

Fagforbundet Fjell, Sund og Øygarden syner til rapport frå AON datert 7.11.2018.

Pensjon for tilsette i kommunane er regulert i Hovedtariffavtala i KS-området, og organisering og premiesystem er særskilt omhandla i § 2.1.8 og 2.1.10.

Fagforbundet peiker på at § 2.1.10 legg opp til at premiesystemet som hovudregel skal være kjønnsnøytralt og ikkje verke utstøytande på eldre arbeidstakarar. For oss er dette eit viktig prinsipp, og som berre kan løysast full ut i et større fellesskap som KLP. Vilåret er likevel ikkje til hinder for at ei kommune kan ha pensjonskasse.

AON påpeiker at det er eit «sjølvstendig argument» å oppretthalde pensjonskasse for at KLP er nære ved å ha eit «monopol». Vi er ikkje einige i at dette er eit argument for at Nye Øygarden skal oppretthalde pensjonskasse. KLP er eigd og styrt av norske kommunar og helseføretak, og den enkelte kommune skal ikkje ha eit ansvar for å være ein utfordrar til kommunesektorens felles selskap.

Vi legg elles til grunn at pensjonsvilkåra for de tilsette skal være i tråd med tariffavtala, og at dette i hovudsak ikkje skal være noko som skal gje forskjellar ved ulike løysingane.

Val av pensjonsløyising

Rapporten frå AON inneheld mange ulike vurderingar, og peiker på fleire ulike konsekvensar av å velje KLP eller eiga pensjonskasse.

For Fagforbundet er det tre ulike dimensjonar som er viktige:

- Kva gjev det beste tilbodet til dei tilsette
- Kommunens driftskostnadar til pensjon
- Eigenkapital til pensjonskassa kontra andre føremål

Tilbodet til dei tilsette

Pensjon er eit krevjande og viktig tema for dei tilsette og tillitsvalde. Det å ha tryggleik for at rådgjeving og pensjonshandsaming har eit høgt kvalitetsnivå, er svært viktig.

Det er no vedteke at eit nytt pensjonssystem skal setjast ut i livet frå 2020 i kommunane. Dette merkar vi allereie at gjev eit stort behov for informasjon og kunnskap hjå medlemmane. Erfaringane frå Fjell kommunale pensjonskasse syner at nærleik til pensjonskassa har fordelar. Men at dei faktiske berekningane og råda uansett ofte må koma frå Storebrand Pensjonstjenester AS.

Vi meiner at den beste kompetansen og dei beste systema blir å finna i KLP framover, og i ein stadig meir kompleks pensjonskvardag er dette svært viktig.

Vidare meiner vi at andre tilbod som dei tilsette får i KLP når det gjeld forsikringar, bank og fondssparing, synest å være attraktive tilbod.

Driftskostnadar i ordninga

Rapporten til AON syner at det allereie i dag er klart høgare kostnadar i Fjell kommunale pensjonskasse enn i KLP, og at denne vil vare ved «minst» på dagens nivå.

KLP er i dag det største interkommunale fellesskapet og som difor deler på kostnadar med å utvikle systema som må til. Den nye pensjonsordninga gjer at det må lagast heilt nye system for å ta vare på denne, samt at det gamle systemet må haldast vedlike i svært mange år. Det å velje eiga pensjonskasse og med usikre kostnadar framover, står difor fram som lite logisk.

Vidare vil den nye ordninga som er avtala, gjere dei eventuelle premieforskjellane mellom KLP og pensjonskasser stadig mindre. Alder og AFP-uttak vil i det nye systemet få mindre og andre konsekvensar, og det er derfor liten grunn for ein kommune å ta på seg denne risikoen.

I tillegg er allereie ein av grunnane til at det kanskje var lurt å etablere pensjonskasse i Fjell, nemleg lågt uføreuttak, blitt vesentleg endra med uførereforma frå 2015. Ansvarer for pensjonsordninga vart frå da av vesentlig redusert.

AON sin rapport seier også at desse elementa «indikerer» at pensjonskasse kan være lønsamt. Men at det er stor usikkerhet knytt til dette, og at den nye ordninga vil gjere forskjellane enda mindre. Det at kommunar sine organisasjonar vert slegne saman, vil kunne være ein årsak til at AFP-uttaket aukar.

Dersom det å ha eiga pensjonskasse i framtida skal være direkte lønsamt, må det være evne og vilje til å ta høgare risiko i forvaltninga av pengane. Dette står ikkje fram som eit ønskeleg eller lurt alternativ i ein periode der det å vite kva kostnadane blir viktig, og det ikkje bør være store svingingar. Samstundes vil dette krevje høg eigenkapital for å bære ein høgare risiko.

Eigenkapital

Rapporten til AON syner at det minst må inn kr 33 000 000,- i ny eigenkapital, i tillegg til dei pengane som vert ført over frå KLP. Dette er pengar som må takast frå drift og overførast til investeringar. Dette vil igjen føre til lågare eigenkapital til andre investeringar, og med det auke låna til kommune.

Fagforbundet stiller seg spørjande til om at ein er sikker på om dette er ein god måte å bruke kommunens midlar/lånekapasitet til i ein periode med der mange investeringar og vedlikehald skal utførast av den nye kommunen.

Slik vi forstår KLPs eigenkapitalløysing, så verkar denne som svært bra for Nye Øygarden og gjer det ikkje naudsynt å skaffe fram meir eigenkapital. Det er viktig å merkje seg at ved å flytte heile ordninga til KLP, så vil ein frigjer store midlar, tilsaman om lag kr 118 000 000,-.

Av dette vil ca kr 45 000 000,- vere frigjord eigenkapital (etter innbetaling av eigenkapital i KLP), og som kan brukast til investeringar. Dei resterande midlane, om lag kr 73 000 000,- vert ført til premiefondet, og vil kunne brukast til å finansiere mykje av premien framover, og redusere det såkalla premieavviket i rekneskapen.

AON skriv vidare at dersom ein ønskjer høgare avkastning/risiko, vil ytterlegare eigenkapital måtte skaffast fram. AON påpeiker også at det er fleire andre usikre faktorar som utviklinga av rente og kor store midlar som kan overførast frå KLP.

Vi meiner difor at det er rett av kommunen å velje den løysinga som bind opp minst mogleg av kommunens midlar, i staden frigjer eigenkapital, og som deler risiko med dei fleste av dei andre kommunane i landet.

Konklusjon

Fagforbundet Fjell, Sund og Øygarden har etter ei nøye vurdering av dei ulike argumenta og konsekvensane av å velje pensjonskasse eller KLP, kome fram til at vi vil anbefale at kommunen vel å samla pensjonsordninga i KLP frå 1.1.2020.

Fagforbundet Fjell

Fagforbundet Sund

Fagforbundet Øygarden

Htv/ Bodil Aleksandersen

Htv/ Hildegunn Høyland

Htv/ Solveig Rong

Skogsvåg 25.11.2018

Drøftingsmøte 3.12.18

Tilstade: Cathrine Olsen, Nina Zandstra, Anne Grete Andresen, Solveig Rong, Vibecke Hodnekvam, Lars Sverre Hausnes, Rikard Kvaal, May Britt Hansen, Hildegunn Høyland, Mona Rabben og Bodil Aleksandersen

Tema for møte: Val av Pensjonskasse. Prosjektrådmannen skal legge fram sak til PSU. Ønskjer å ta med innspel frå HTV.

Alle HTV uttrykker at dette er eit svært komplekst saksområde, og at det er vanskeleg å sette seg inn i alle detaljar.

Hildegunn har eit innspel til punkt om prosessen i rapporten. Det er viktig å presisere at HTV og HVO er med i prosjektgruppe økonomi i utarbeiding av saksframlegg pensjon.

Lars Sverre innleia med å seie at han er inhabil, då han sit i styret for FKP. Han har gitt dei 11 særforbunda anledning til å koma med innspel, men det har dei ikkje gjort. Det er feil at det er tryggare å ha ei stor pensjonskasse enn ei mindre. Den medvitne eigar har fordel av eigen pensjonskasse. Det vert nytta rådgjevarar til å plassere kapital. Viktig å behalde gode ordningar.

Nina seier at KLP har ulike ordningar for tilsette og arbeidsgjevar som FKP ikkje har. Med større fagmiljø vil det bli andre og betre tenester.

Vibecke meiner at alle innspel som har kome inn talar for KLP. Synd at dei med anna syn ikkje har kome med skriftleg innspel. Dei som har KLP tenkjer nok at det er det tryggaste.

Hildegunn: Sit i prosjektgruppa som arbeider med pensjon. KLP seier at det vert enda meir kompleks framover. Det vil bli svært krevjande både kompetansemessig og ressursmessig. Administrasjonen ønskjer god fagleg veiledning frå pensjonsleverandøren. Dette er betre i KLP enn FKP. Dette kjem fram i samtaler med tilsette. Det er viktig at pensjonskassen er tilgjengeleg både for fagpersonar og for tilsette.

Solveig: Må støtte seg på rapporten som er kome. Ønska at KLP kunne vere tilstade i dag. Vi står framfor store komplekse system som skal regne ut og vedlikehalde pensjon. Fagforbundet ønskjer KLP.

Anne Grete: Fokuset er på dei tilsette. Korleis vert dei best ivaretatt og får gode tenester når dei treng det. KLP har 120 fagpersonar som kan hjelpe. Desse sit i Bergen. Nærleiksprinsippet. Hugs også tilleggsgodar som lån og forsikring. Med tanke på den nye pensjonsreforma som er komplisert, meiner Delta at KLP er det beste valet for dei tilsette.

Lars Sverre: Nærleiksprisnippet vert også ivaretatt i FPK.

Rikard Kvaal: Tilbakemelding frå tilsette er at FKP har hatt for dårleg service dei siste åra. Ønskjer difor KLP i framtida.

Bodil: Fagforbundet var imot FKP i utgangspunktet, men det har gått bra. Har heile tida skulle hatt tenester likt KLP. Medlemmane har fått same informasjon som dei i KLP.

Lars Sverre: Det ligg eit potensiale til endring Det kan stillast krav til det i framtida.

Vibecke: Hugs at vi ikkje skal inn i FKP, men diskusjonen går på om vi vel eigen pensjonskasse, i så fall skal vi opprette ei ny pensjonskasse.

Nina: Den nye pensjonskassen vil ikkje nødvendigvis ha dei same problema som FKP. Har positive erfaringar med FKP. Kva med økonomien på lang sikt?

Hildegunn: KLP og SPK som gir den mest utfyllande informasjonen til administrasjonen og medlemmar. Viser til uttale personalavdelingane i alle tre kommunane. Økonomisk er det tilnærma likt i framtida/2020.

Solveig: Eg må tenkje på kva som er best for dei tilsette. Best med KLP.

Mona: Stordriftsfordelar. KLP kan ein nå digitalt. Kan ordne det meste. Kan og få kontakt om ein treng det. Begge løysingane fordelar og ulemper. Det vert bunde opp store ressursar i ei pensjonskasse, som ikkje nødvendigvis gjer betre tenester. Akademikerne Sund/Øygarden vel KLP.

Bodil: Vil ikkje kritisere FKP, for også dei gir god service. KLP gir og midlar til å arbeide med sjukefråvær.

Lars Sverre: Halde folk friske fører til lågare premie i eigen kasse. Dette må komme fram. Arbeidsgjevar må sjølv velje å nytte seg av ordninga. Det er det som gir økonomisk gevinst.

Hildegunn: Viktig å sjå innspela frå organisasjonane, personalavdelinga, KLP i tillegg til konklusjonen i saksframlegget, som byggjer på bestillinga frå politisk nivå. Mykje god informasjon der.

Avstemming:

10 røysta for KLP


1 røysta mot

Frå arbeidsgjevar:



Rune Lid, prosjektrådmann

Frå arbeidstakarorganisasjonane:


Cathrine Olsen

Rikard Kvaal 

Utdanningsforbundet

Delta


Nina Zandstra


May Britt Hansen

Utdanningsforbundet

Delta

Anne Grete Andresen

Delta

Hildegunn Høyland

Fagforbundet

Solveig Rong

Fagforbundet

Mona Rabben

Akademikerne

Vibecke Hodnekvam

Utdanningsforbundet

Bodil Aleksandersen

Fagforbundet

Lars Sverre Hausnes

Akademikerne



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
74/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	17.12.2018

Nye Øygarden kommune - Kostnadsramme for innkjøp av nytt ordførarkjede

Samandrag av saka:

Fellesnemnda gav i sak 58/18, utval for politisk styringsstruktur i oppgåve å utarbeide forslag til ordførarkjede for nye Øygarden kommune. Forslaga skal leggst fram for fellesnemnda til endeleg avgjerd. Det vart i saka ikkje teken stilling til kva kostnadsramme innkjøp av eit ordførarkjede skal ha.

Forskrift om offentlege anskaffingar gjeld også for innkjøp av eit ordførarkjede og det betyr at innkjøpet må lysast ut som ein konkurranse. I ein slik konkurranse må det seiast noko om ramme for kostnader. Før utvalet kjem i gang med arbeidet må fellesnemnda difor sei noko om dei totalkostnadane som skal gjelde for innkjøp av eit nytt ordførarkjede.

Leiar for utval for politisk styringsstruktur føreslår å sette totalkostnad for eit ordførarkjede til kr. 200.000,- eks. mva., for å sikre flest moglege tilbod frå aktuelle tilbydarar. Til samanlikning så kosta ordførarkjedet til Fjell kommune omlag kr. 150.000 inkl. mva. i 2007. Sund kommune fekk sitt kjede finansiert via gåver frå næringslivet i Sund, og det vert antyda ein pris på omlag 70.000 inkl. mva.

Innstilling:

Totalkostnad for eit nytt ordførarkjede vert sett til kr. eks. mva.

Straume, den 04.12.2018

Rune Lid
prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

- Særutskrift/møtebok frå sak 58/18 – oppstart av arbeid med ordførarkjede

Saksopplysningar:

Fellesnemnda gav i sak 58/18, utval for politisk styringsstruktur i oppgåve å utarbeide forslag til ordførarkjede for nye Øygarden kommune. Forslaga skal leggjast fram for fellesnemnda til endeleg avgjerd. Det vart i saka ikkje teken stilling til kva kostnadsramme innkjøp av eit ordførarkjede skal ha.

Innkjøp av eit ordførarkjede fell inn under føresegna i *Forskrift om offentlege anskaffingar*, noko som betyr at innkjøpet må lysast ut som ein konkurranse. I ein slik konkurranse er kostnadsramma ein viktig del av kravspesifikasjonen. Utval for politisk styringsstruktur kjem ikkje i gang med arbeidet sitt før fellesnemnda har gjort vedtak om kva totalkostnad som skal gjelde for innkjøp av eit nytt ordførarkjede.

Leiar for utval for politisk styringsstruktur, Marianne Sandahl Bjørøy, foreslår å sette totalkostnad for eit ordførarkjede til kr. 200.000,- eks. mva. for å sikre at utvalet får tilbod frå fleire aktuelle sølvsmedar. Til samanlikning så kosta ordførarkjedet til Fjell kommune omlag kr. 150.000 inkl. mva. i 2007. Sund kommune fekk sitt kjede finansiert via gåver frå næringslivet i Sund, og det vert antyda ein pris på omlag kr. 70.000 inkl. mva i 2011. Dette stemmer også med dagens prisnivå til leverandøren for ordførarkjedet til Sund kommune, som ligg i det lågare prisskiktet av sølvsmedar (mellom kr. 70.000 og 100.000 eks. mva.). Det er teken kontakt med begge leverandørane til desse to ordførarkjeda, og begge vil kunne levere gode tilbod innanfor kostnadsramma som vert føreslått av leiar for utvalet.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
58/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	15.10.2018

Nye Øygarden kommune - oppstart av arbeid med ordførarkjede

Samandrag av saka:

Saka gjeld eventuell bestilling frå fellesnemnda om oppdrag for utarbeiding av nytt ordførarkjede for nye Øygarden kommune.

I intensjonsavtalen er det bestemt at Sund kommune sitt kommunevåpen skal nyttast for den nye kommunen. Sund kommune sitt ordførarkjede har symbol frå Sund kommune lokalt og symbola er soleis ikkje dekkande for den nye kommunen. Fellesnemnda bør difor vurderer om det skal utarbeidast eit nytt ordførarkjede for den nye kommunen. Eit nytt ordførarkjede må ta utgangspunkt i kommunevåpenet for den nye kommunen, men må ha symbol som er dekkande for heile den nye kommunen.

Proessen med å utarbeide eit nytt ordførarkjede tek tid og fellesnemnda bør difor allereie no ta stilling til om dei ønskjer at prosessen skal starta opp slik at nytt ordførarkjede er på plass til 01.01.20.

Å utarbeide nytt ordførarkjede er eit politisk spørsmål og det bør difor setjast ned eit politisk utval som får i oppdrag å arbeide med prosessen. Prosjektrådmannen gjev ikkje innstilling i saka, men har i si vurdering skissert to alternative forslag til vedtak.

Innstilling:

Straume, den 07.10.2018

Rune Lid
prosjektrådmann

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:

Saka var lagt fram for fellesnemnda utan innstilling, men med to ulike forslag til vedtak.

Framlegg frå Tom Georg Indrevik om alternativ 2 i saka;

1. Fellesnemnda gjev utval for politisk styringsstruktur som tilleggsoppgåve å utarbeide forslag til ordførarkjede for nye Øygarden kommune. Forslag til ordførarkjede skal leggjast fram for fellesnemnda til avgjerd.
2. Ordførarkjede skal vera klart til bruk 01.01.20

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:

1. Fellesnemnda gjev utval for politisk styringsstruktur som tilleggsoppgåve å utarbeide forslag til ordførarkjede for nye Øygarden kommune. Forslag til ordførarkjede skal leggjast fram for fellesnemnda til avgjerd.
2. Ordførarkjede skal vera klart til bruk 01.01.20

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

Å utarbeide nytt ordførarkjede er ein prosess som tek tid. Det må innhentast tilbod på oppdraget frå sylvsmed og det må jobbast med aktuelle symbol i eit slikt kjede som skal symbolisera heile den nye kommunen.

I intensjonsavtalen er det bestemt at kommunevåpenet i nye Øygarden kommune skal vera kommunevåpenet i dagens Sund kommune. Kommunevåpenet må inngå i eit nytt ordførarkjede, men kjede må tilpassast heile den nye kommunen når det gjeld lokale symbol elles.

Fellesnemnda må sjølv ta stilling til om dei ønskjer å starta ein prosess med utarbeiding av forslag til ordførarkjede for nye Øygarden kommune. Fellesnemnda må også ta stilling til om dei vil etablera ei eiga politisk arbeidsgruppe som får i oppdrag å utarbeide forslag til ordførarkjede for den nye kommunen eller om oppdraget kan gjevast til eit av dei politiske utvala som allereie er etablert, til dømes utval for politisk styringsstruktur.

Dersom fellesnemnda opprettar eit eige utval som skal jobba fram forslag til ordførarkjede, bør dette utvalet ikkje vera for stort, ein storleik på mellom 3 – 5 medlemmar vil truleg vera passande. Prosjektrådmannen stiller med sekretariatsfunksjon for utvalet.

Utval for politisk styringsstruktur har hatt som oppgåve å utarbeide reglement for folkevalde, utarbeide etisk reglement og koma med forslag til korleis ein kan nytta oppgåveutval i den nye kommunen. Alternativt kan det soleis vera naturleg om dette utvalet også får som tilleggsoppgåve å gjennomføre prosessen med å utarbeide forslag til ordførarkjede for den nye kommunen. Prosjektrådmannen har allereie stilt sekretariatsfunksjon til rådvelde for dette utvalet.

Vurdering:

Prosjektrådmannen gjev ikkje innstilling i saka, men gjev nedanfor forslag til ulike alternative vedtak som fellesnemnda kan ta stilling til.

Alternativ 1

1. Fellesnemnda opprettar eit utval på X medlemmar frå fellesnemnda som får i oppdrag å utarbeide forslag til ordførarkjede for nye Øygarden kommune. Forslag til ordførarkjede skal leggjast fram for fellesnemnda til avgjerd. Utvalet får namnet «Utval for ordførarkjede». Utvalet får desse medlemmane:
.....
.....
.....
2. Ordførarkjede skal vera klart til bruk 01.01.20
3. Prosjektrådmannen stiller sekretariatsfunksjon til rådvelde for utvalet.

Alternativ 2

1. Fellesnemnda gjev utval for politisk styringsstruktur som tilleggsoppgåve å utarbeide forslag til ordførarkjede for nye Øygarden kommune. Forslag til ordførarkjede skal leggjast fram for fellesnemnda til avgjerd.
2. Ordførarkjede skal vera klart til bruk 01.01.20



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
75/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	17.12.2018

Elev i Nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

Det er oppretta ei arbeidsgruppe samansett av pedagogar og representantar frå elevråda som skal arbeida fram undervisningsopplegg for elevane i Sund, Fjell og Øygarden. Elev i Nye Øygarden kommune har som mål å involvera barn og unge i arbeidet med å byggja den nye kommunen.

Våren 2019 vil arbeidsgruppa presentera undervisningsopplegget for skulane i regionen med sikte på at det kan verta innarbeidd i fagplane hausten 2019. Prosjektrådmannen er positiv til at elevane i dei tre kommunane vert engasjerte og involverte i bygginga av den nye kommunen. Det vert føreslått å setja av 300 tusen kroner til tiltaket i budsjettet for 2019.

Innstilling:

1. Fellesnemnda stiller seg positivt til at skulane vert involverte i arbeidet med å byggja Nye Øygarden kommune.
2. Fellesnemnda vedtek å setja av kr. 300 000,- i budsjettet for 2019 til tiltaket *Elev i Nye Øygarden kommune*.

Straume, den 10.12.2018

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

- Aktuelle tema skuleprosjekt

Saksopplysningar:

I intensjonsavtalen vedteken i juni 2016 av kommunestyra i Sund, Fjell og Øygarden går det fram at den nye kommunen skal ha eit sterkt folkestyre, stort engasjement frå politikarar, tilsette og innbyggjarar for å kunna utvikla kommunen i takt med auka oppgåver. Det vert også understreka at Nye Øygarden kommune skal vidareføra MOT sitt mål og grunnverdiar for å sikra trygge ungdomsmiljø med ungdom som har tru på eigne krefter, tek vare på seg sjølv og kvarandre og som gjer val slik at dei meistrar livet.

Ei undersøking gjennomført i regi av arbeidsgruppa for lokaldemokrati og identitet viser at innbyggjarane er stolte av å bu i regionen og at det er viktig å ta vare på bygdeidentiteten. Undersøkinga viser at felles aktivitetar utanom arbeid og skule på tvers av noverande kommunegrenser er tiltak som vil stimulera til å inkludera alle og skapa ei «vi-kjensle».

Nye Øygarden kommune har teke initiativ til å engasjera elevane i skulen i arbeidet med å byggja den nye kommunen. Det er oppretta ei arbeidsgruppe samansett av pedagogar og representantar frå elevråda som skal arbeida fram undervisningsopplegg som skulane kan nytta som ein integrert del av undervisninga. Alle skulane i dei tre kommunane vert inviterte til å delta i undervisningsopplegget 2. halvår 2019. Skulesjefane/kommunalsjefane i dei tre kommunane støttar opp om tiltaket.

Lokalbasert undervisning

Lokalbasert undervisning er ein viktig del av dei eksisterande fagplanane. Difor vil undervisningsopplegg som gjev lokal kunnskap og engasjement for utforming av si eiga framtid i den nye kommune samsvara godt med kompetansemåla i skulen. Den norske skulen skal få nye fagplanar frå hausten 2020. Her vert det meir tid til djupnelæring og meir kompetansebygging til å møta samfunnet og arbeidslivet. Sentrale tema i den nye fagplanen er folkehelse, livsmeistring, demokrati, medborgarskap og berekraftig utvikling. Elevane skal forstå samanhengen mellom handlingar og val og korleis dei kan finna løysingar gjennom kunnskap og teknologi.

Undervisningsopplegg

Arbeidsgruppa skal arbeida fram undervisningsopplegg for elevane i dei tre kommunane hausten 2019. Inntil vidare vert arbeidstittel for tiltaket *Elev i Nye Øygarden kommune*. Undervisningsopplegget skal vera frivillig som skulane kan nytta slik dei finn det tenleg. Det vert oppretta ei nettside der undervisningsopplegga vert tilgjengelege for skulane i regionen. Her kan også skulane dela informasjon og nyheitsoppslag med kvarandre. Det vert også nytta andre digitale plattformer.

Arbeidsgruppa tek sikte på å leggja fram eit opplegg for skuleleiarane våren 2020. Då vert dei skulane/klassane som ønskjer å vera med på opplegget i stand til å leggja inn undervisningsopplegget i planane for 2. halvår 2019. I løpet av hausten kan skulane integrera tema knytt til bygginga av den nye kommunen i undervisninga. Det vert lagt vekt på tverrfaglege opplegg. Elevane i ungdomsskulen kan til dømes verta utfordra til å presentera sine tankar om kva som skal til for at dei kan tenkja seg å bu og arbeida i den nye kommunen når dei er ferdige med utdanninga si. Elevarbeida er tenkt presentert i samband med

arrangement ved opninga av den nye kommunen i januar 2020.

Venskapsklasse

I samband med dette skuletiltaket vert det invitert til å vera med på ei venskapsklasseordning. Til dømes kan ein 4. klasse på Stranda skule i Sund verta venskapsklasse med ein 4. klasse på Tjeldstø skule i Øygarden. Det kan etablerast kontakt mellom klassane frå skulestart via digitale plattformer. Det heile kan rundast av med at klassane møtest til fellesskap som ei avslutning i desember 2019 like før den nye kommunen er eit faktum. På denne samlinga kan klassane presentera skulen og bygda si og kva tankar dei har om framtida i den nye kommunen. Dette tiltaket kan bidra til å etablere nye venskap.

Økonomi

I stor grad vert det nytta egne ressursar for å gjennomføre undervisningsopplegget. Det vil gå med noko økonomi til å utarbeida undervisningsopplegg. I samband med venskapsklasseordninga er det ønskeleg å gje transportstøtte til ei felles avslutning på undervisningsopplegget like før jul 2019. Difor føreslår prosjektrådmannen at det vert sett av 300 tusen kroner til skuletiltaket i budsjettet for 2019.

Midlane til skuletiltaket er tenkt fordelte slik:

Administrative ressursar/div.	50 000,-
Undervisningsopplegg	30 000,-
Materiell/trykksaker	20 000,-
<u>Transportstøtte</u>	<u>200 000,-</u>
<u>Totalt</u>	<u>300 000,-</u>

Vurdering:

Prosjektrådmannen er positiv til at elevane i dei tre kommunane vert engasjerte og involverte i bygginga av den nye kommunen. Eit slikt tiltak samsvarar godt med intensjonsavtalen og arbeidet med å involvere innbyggjarane i arbeidet med å byggja Nye Øygarden kommune.

Heilt sidan arbeidet med kommunereforma for alvor starta opp vinteren 2016, har elevane gjeve uttrykk for at dei er opptekne av kva framtida vil bringa for dei i den nye kommunen. Prosjektrådmannen er av den oppfatning at det er både naturleg og nødvendig å etablere eit samarbeid med skulane der elevane får vera med å forma si eiga framtid.

Det vert føreslått å setja av 300 tusen kroner til tiltaket i budsjettet for 2019.

Skuleprosjekt – Nye Øygarden kommune

Aktuelle spørsmål/problemstillingar (basert på tema i intensjonsavtalen)

- Korleis kan vi skapa ein sterk felles og berekraftig kystkultur? Kva er kystkultur for oss?
- Kva meiner vi med felles kultur, språk og identitet? Kva har vi felles i dei tre kommunane?
- Korleis kan barn og unge vera med å byggja den nye kommune (meborgarskap/involvering)?
- Korleis kan den nye kommunen vera eit attraktiv bu- og arbeidsregion i bergensregionen?
- Korleis kan vi ta *heile* kommunen i bruk og ikkje berre senterområda?
- Kva offentlege tilbod bør leggjast til kommunedelsentera som Skogsskiftet og Rong?
- Kva betyr skulen for bygda/staden der du bur? Kva rolle bør skulen ha i lokalsamfunnet?
- Kva utdanningstilbod bør finnast i den nye kommunen?
- Kva rolle kan biblioteka ha i den nye kommunen?
- Kva type arbeidsplassar er viktig for deg for å busetja deg i Nye Øygarden kommune?
- Kva nye fritidstilbod ønskjer du den nye kommunen skal leggja til rette for?
- Korleis kan vi organisera transport/kollektivtransport i framtida?
- Korleis leggja til rette for eit sunt berekraftig samfunn der vi tek omsyn klima og miljø?
- Kva kan vi gjera konkret for å binda oss saman og få fram «vi-kjensla»?

Stikkord/tema prosjektoppgåver?

- Faktakunnskap om vår nye kommune
- Språk
- Kultur
- Lag og org.
- Klima/miljø/berekraftig samfunn
- Ungdomskultur
- Idrett
- Museum
- Næringsliv
- Samferdsle
- Utdanning
- Helse og velferd
- Politikk
- Mattradisjonar

- Klesplagg
- Friluftaktivitetar/fritidstilbod
- Integrering, korleis skapa eit inkluderande samfunn
- Livet etter oljealderen
- Futurisme



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
76/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	17.12.2018

Oppfølging av arbeidsgjevaransvar for prosjektrådmannen i Nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

På ekstraordinært møte i fellesnemnda 29.10.2018, sak 60/18, informerte leiar av fellesnemnda Børge Haugetun om prosessen med tilsetjing av prosjektrådmann som blir permanent rådmann frå 1.1.2019 for Nye Øygarden kommune. Fellesnemnda vedtok samrøystes at Rune Lid, noverande rådmann i Sund kommune, vert tilsett som prosjektrådmann / rådmann i Nye Øygarden kommune, basert på samrøystes tilråding frå tilsetjingsutvalet.

Det vert no lagt fram sak der fellesnemnda stadfestar oppfølging av arbeidsgjevaransvaret for prosjektrådmannen i 2019, gjennom fullmakt til dei tre ordførarane.

Innstilling:

Fellesnemnda gjev dei tre ordførarane fullmakt til å følgje opp arbeidsgjevaransvaret for prosjektrådmann Rune Lid i 2019.

Straume, den 11.12.2018

Børge Haugetun
Leiar av fellesnemnda

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

På fellesnemnda sitt ekstraordinære møte 29.10.2018, sak 60/18, vedtok fellesnemnda samrøystes at Rune Lid, noverande rådmann i Sund kommune, vert tilsett som prosjektrådmann / rådmann i Nye Øygarden kommune basert på samrøystes tilråding frå tilsetjingsutvalet.

Rune Lid vil ha ei dobbeltrolle i heile 2019 då han vil halde fram som rådmann i Sund kommune samstundes som han er tilsett som prosjektrådmann for Nye Øygarden kommune. Det gjer at Sund kommune betalar ut løna til Rune Lid i 2019 og sender refusjonskrav til prosjektet Nye Øygarden kommune for 80% av beløpet. Dei siste 20% av løna vert betalt av Sund kommune fordi han i same perioden framleis er tilsett som rådmann i Sund kommune.

Nye Øygarden kommune og Rune Lid har inngått ei arbeidsavtale frå 01.01.19 til 31.12.19 for perioden som prosjektrådmann. Ny arbeidsavtale vil verta inngått etter lønsjusteringar hausten 2019 for stillinga som rådmann i Nye Øygarden kommune. Årsløn for prosjektrådmannen er sett til kr 1.350.000,-. I tillegg til løn, vert det dekkja utgifter til mobiltelefon, heimekontor (internettutgifter) og fri avis sendt til heimeadressa (Vestnytt).

Det står ikkje noko i sjølve arbeidsavtala om kven som føl opp arbeidsgjevaransvaret for prosjektrådmannen. Det vert difor lagt fram eiga sak for fellesnemnda om arbeidsgjevaransvaret, der fellesnemnda stadfestar oppfølging av arbeidsgjevaransvaret for prosjektrådmannen i 2019 gjennom fullmakt til dei tre ordførarane.

Vurdering:

Fellesnemnda stadfestar at dei tre ordførarane får fullmakt til å følgje opp arbeidsgjevaransvaret for prosjektrådmann Rune Lid i 2019.